

Ved å lage gode nynorske nettsider kan me gjere det tydeleg at det er kvalitet, og ikkje målform, som tel.

Les Inger Størseth Haarr
på kommentarplass s. 2

NR 2 • 2013 • ÅRGANG 12 • POST@LNK.NO • WWW.LNK.NO

Høg vurdering

LNK meiner ein bør vurdere norskfaget i skulen høgt, ikkje minst for å sikre nynorskkompetansen i kommunane.

s. 3

Økonomispråket

Banksjef i Valle Sparebank, Vidar Homme, har etterlyst nynorsk nettbank. No ser det ut til at som om den draumen blir verkeleg.

s. 5

Sprek 40-åring

Vossa Jazz jubilerer med stort program og geriljastunt.

s. 19

Kan bli leiar



(Foto: Lene Kristin Moe)

Solfrid Borge er innstilt til å ta over leiarvervet i LNK. Kabalen blir lagt på landstinget 23.–25. april på Voss.

• Sjå s. 3

Sjefspennen



(Foto: Alexander Worren)

Hanna Relling Berg (54) er sjefsredaktør i Sunnmørsposten. Ho slår eit slag for sidemålet og avisspråket.

• Sjå s. 12 -13

Teater

Det er naturlegvis ikkje naturleg vis å dele naturlegvis i to

Les Terje Lyngstad s. 21

Språkåret

Ingen av regionavisene har noko nynorskforbod, sjølv om dei bruker språket i varierende grad.

Les Tom Hetland s. 6



Foto: Lene Kristin Moe

Nynorskkamp i 20 år

Det er 20 år sidan LNK vart skipa. Framleis er målet å fremje viktige nynorsksaker på vegner av medlemskommunane, formidle gode døme på språkbruk i kommunane og spreie kunnskap om språk.
– Når du er blitt 20 år, så er du ikkje ein tenåring lenger.

LNK er blitt vaksen, sterkare og meir innarbeidd. Me har eit stabilt medlemstal, og me har bevist livsretten vår, seier styreleiar i LNK, **Astrid Myran Aarvik**.

S. 8 -10

LEIAR

Økonomispråket

Det er ein klisjé at nynorsk berre kan brukast i poesi og djupe litterære skildringar. At nynorsk ikkje er brukande i nyhende, til dømes innan sports- og finansjournalistikken, i programvare eller på børsen, er også ein forelda tanke.

Desse sperrane er det på tide å rive ned.

VIDAR HOMME er banksjef i Valle Sparebank. Han og fleire banksjefar med han har over tid etterlyst nynorske nettbankar i Terra-systemet. Han meiner det er på tide at kundane hans ikkje berre kan lese nynorske saker på nettsidene eller i epostane dei får frå banken, men at dei skal møte nynorsken i kvardagen der dei er aller mest, nemleg i nettbanken.

Ofta møter ein argumentet om at ei omlegging til nynorsk vil koste meir enn det smakar. Difor er det endå viktigare å formidle at språket er viktig for kundane.

FÅR EIN DET til, vil nynorsken erobre nok ein arena. Det er eit tydeleg signal dersom Terra-alliansen no går med på å lansere ein nynorsk nettbank, noko som ser ut til å bli ein realitet alt dette året.

Sparebankane har sjølve omsett tekstar frå bokmål til nynorsk, det viser ein ekte vilje til å gje kundane eit godt tilbod, også på nynorsk. Og ved å få leiinga i Terra-alliansen med seg viser dei at dei hjelper å vere fleire saman når ein skal nå eit mål.

Nynorsk er ikkje berre eit litterært språk, det er også kvardagsspråk – også når rekningane skal betalast.

Ingen bryr seg om nynorsk på nett

På nett er det kvaliteten på innhaldet som er viktig, ikkje kva målform det er skrivne på.

Offentlege nettstader skal følgje mållova, som seier at ingen av målformene skal vere representert med mindre enn 25 prosent. Dette kan løysast på ulike måtar – nokre vel å lage to versjonar av innhaldet, ei på bokmål og ei på nynorsk. Brukaren kan finne den nynorske versjonen bak ei lenke øvst på sida. Ein annan måte er å publisere på vekselvis nynorsk eller bokmål. Kvar einskild side finst berre på ei målform, og dermed treng ein ikkje å vedlikehalde dobbelt innhald. Felles er at å oppfylle mållova på nett er relativt enkelt og billig å få til.

Likevel er det mange utfordringar i dette arbeidet. Eitt av problema ein møter når ein arbeider med nettpubliserings, er det innhaldet som visstnok er for viktig til å kunne skrivast på nynorsk. Ofta kan det verke som at vekt og nynorskrate er omvendt proporsjonal; dess viktigare innhaldet er, dess viktigare er det å få det ut på bokmål. «Denne nyheitssaka her er faktisk så viktig for verksemda at me må ha ho på bokmål» er ein ikkje uvanleg logikk. Ser ein på offentlege nettsider med innhald både på bokmål og nynorsk, ser ein mønsteret: Nynorskprosenten er dytta ut i dei mindre viktige sidene.

Men akkurat på nettet stemmer denne logikken i mindre grad enn nokon annan stad: Dei som besøker ei nettside, er der for å få løyst ei oppgåve. Det kan vere å sjekke opningstidene på biblioteket, å finne prisen på ein togbillett eller å sende inn ein søknad om barnehageplass – til dømes. Då er det innhaldet og måten det er organisert på, som er viktig, ikkje målforma det er skrivne på. Det brukaren er oppteken av, er om ho greier å løyse oppgåva, om ho finn informasjonen ho er ute etter. Om barnehagesøknadsskjemaet er på nynorsk, er det for nokre sikkert eit pluss, for andre kan hende eit irritasjonsmoment – men for dei fleste har det nok ikkje noko som helst å seie.

I Statens pensjonskasse var eg med på å leggje om til vekselpubliserings på Spk.no. Tidlegare hadde me hatt dobbelt innhald, og me var litt spente på korleis folk ville reagere på at 25 prosent av innhaldet berre fanst på nynorsk. Det hadde me ikkje trunge å vere. Me fekk framleis ein del kommentarar på nettsida etter omlegginga, men så godt som ingen av dei handla om målform. Det folk var interesserte i, var om dei greidde å finne det dei skulle.

Viss me får til god kommunikasjon, godt språk og gode nettsider på nynorsk, trur eg me vil møte færre



Inger Størseth Haarr
Nettdarbeidar ved
Universitetet i Oslo

KRONIKK

saker som er «for viktige» til å vere på nynorsk i framtida. Ved å lage gode nynorske nettsider kan me gjere det tydeleg at det er kvalitet, og ikkje målform, som tel – noko som òg bør gjelde i andre kanalar.

Eg trur me kan vere optimistiske når det gjeld nynorsk på nett. Folk bryr seg mindre enn me trur, og etter kvart bør fleire offentlege verksemdar finne ut at nynorsk ikkje er så farleg. Då kan me håpe på å finne meir nynorsk på offentlege nettstader. Dette kan få ein sjølvforsterkande effekt: Dess fleire nettstader som får nynorsk innhald, dess enklare vert det for andre å gjere det same. Kanskje kan det til og med verte pinleg å ha ei gammaldags, bokmålsk nettside?

Kan hende vert me nynorskefolk nokre gonger litt blinde, kan hende trur me at alle andre er like opptekne av språk som oss. Sanninga er kanskje heller at god kommunikasjon fungerer, same kva målform det er på. Dessutan er det vel det me vil – at språket skal vere i bruk, på ein god måte?

Dess fleire nettstader som får nynorsk innhald, dess enklare vert det for andre å gjere det same. Kanskje kan det til og med verte pinleg å ha ei gammaldags, bokmålsk nettside?

Vil ha brei vurdering

LNK meiner norsk er det viktigaste reiskapsfaget i skulen og er tent med å bli vurdert høgt. Ikkje minst er det viktig å sikre god norskkompetanse for framtida i Kommune-Noreg.

JUDITH SØRHHUS LITLHAMAR
judith@norsk-plan.no

LNK har no kome med fråsegna si til læreplanen i norsk, og det nye norskfaget blir også tema under Landstinget til LNK på Voss i april.

– LNK vil insistere på at den grunnleggjande ferdigheita å kunne skrivje norsk omfattar begge målformene nynorsk og bokmål, og at det må få ei tydeleg formulering i den endelege læreplanen i norsk.

MÅ TENKJE LIKESTILLING

I utkastet som no er sendt på høyring, er det lagt fram tre forslag til evaluering. Det første er at ein held fram med dagens ordning, der ein får tre standpunkt karakterar etter ungdomstrinnet og studieførebuande utdanningsprogram og to standpunkt karakterar etter Vg2 på yrkesfaglege utdanningsprogram, ein i skriftleg hovudmål og ein i munnleg. I dagens ordning kan i tillegg elevane etter 10. årstrinn bli trekte ut til to dagar med skriftleg eksamen i norsk, ein dag hovudmål og ein dag sidemål. Etter Vg3 i studieførebuande



SIKRE KOMPETANSE: Dagleg leiar i LNK, Vidar Hoviskeland, meiner ein må vurdere norskfaget i skulen høgt, ikkje minst for å sikre god norskkompetanse i kommunane.

(Foto: Elin Moen Karlsen)

utdanningsprogram og påbygging til generell studiekompetanse skal elevane opp i skriftleg hovudmål. I tillegg kan dei trekkjast ut til eksamen i skriftleg sidemål.

– Alternativ 1 er det einaste av alternativa som reelt tek i vare likestillingsaspektet mellom bokmål og nynorsk, og det einaste som tek opp i seg viktige intensjonar i dei to før nemnde stortingsmeldingane (Mål og mening (2008) og Språk bygger broer (2008), red. merk.), heiter det i fråsegna.

GOD INFORMASJON

– Kunnskap og kompetanse som blir sett på som viktig, blir i norsk skule vurdert gjennom karakterar. Standpunkt karakterane skal gje elevane informasjon om kva kompetanse dei har i ulike fag til ei kvar tid i skuleløpet, og representerer den breie vurderinga. Ein

standpunkt karakter som sluttvurdering skal også gje informasjon til andre utdanningsinstitusjonar, personar og organisasjonar som har bruk for å vite kompetansen til eleven når han/ho har avslutta eit skuleløp. Eksamen karakterar vil ofte gje informasjon som representerer eit snevrare kompetansefelt, men dei er viktige for å sikre ei mest mogleg lik vurdering i heile nasjonen.

LNK ser det slik at det første alternativet er det einaste av dei tre alternativa til sluttvurdering som gjev brei vurdering av kompetanse og god og eksakt informasjon til dei som har bruk for å kjenne kompetansen. Dette alternativet gjev elevane tydeleg dokumentasjon på kompetansen dei har i både bokmål og nynorsk, og for LNK sine medlemmer er det avgjerande viktig at eksamen vitnemål kan seie noko

eksakt om kompetansen i skriftleg kommunikasjon i nynorsk.

KAN RAMME KOMMUNANE

– LNK er svært usamd i at ein skal bruke ulike kompetansemål i hovudmål og sidemål. LNK organiserer om lag hundre kommunar og fire fylkeskommunar som er avhengige av å hente fagfolk til verksemda si frå heile landet vårt. Medlemmene i LNK må kunne gå ut frå at personar som blir tilsette og har høgskule- og/eller universitetsutdanning, kan skrivje bokmål og nynorsk tilnærma like godt. Ikkje minst må dette gjelde lærarar i grunnskule og vidaregåande utdanning. LNK er redd for at ei senking av krava til kompetanse i sidemål vil slå særst uheldig ut for kommunar der nynorsk er målforma.

LNK meiner dessutan at ein ved å redusere kompetansemåla i sidemål i høve hovudmål også kan fjerne mykje av den einaste fordelene elevane får frå nynorsk. Karakterstatistikkar viser at elevane med nynorsk som hovudmål har høg kompetanse i sidemål, og at dei difor gjennomgåande har betre karaktervurdering i denne delen av norskfaget enn elevane med bokmål som hovudmål. Ei senking av krava kan jamne ut denne skilnaden til fordel for elevane med bokmål som hovudmål, og det kan føre til at sidemålsopplæringa blir sett på som mindre viktig av både lærarar og elevane.

Kan bli ny leiar i LNK

Solfrid Borge frå Ullensvang er innstilt som ny styreleiar i LNK.

TOYNI TOBEKK
toyni@norsk-plan.no

Borge er ordførar i Ullensvang herad og har sete i styret til LNK sidan 2007. Ho har også vore leiar for stiftinga Diktarvegen.



NY KVINNE I LEIARSTOLEN: Solfrid Borge tek over som styreleiar i LNK etter Astrid Myran Aarvik. Borge har sete i styret til LNK i seks år.

(Foto: Toyni Tobekk)

Sitjande styreleiar Astrid Myran Aarvik ønskjer ikkje å ta avtal som leiar, men blir sitjande i styret til LNK. Styremedlem Laura Seltevit frå Sauda tek ikkje avtal, og valnemnda har innstilt Halvor Lilleslett, ordførar i Gol kommune, som ny fast styremedlem.

Landssamanslutninga av nynorsk kommunar er 20 år i år, og organisasjonen har i løpet av desse åra hatt tre leiarar: Nils Taklo frå Ørsta kommune 1993–2002, Jan Magne Dahle frå Ørsta kommune og Møre og Romsdal fylke 2003–2010 og Astrid Myran Aarvik frå Årdal kommune og Lærdal kommune 2011–2012.

Prøv
DAG OG TID

– den nynorske vekevisa for kultur og politikk – gratis!

Send SMS DT3V til 2007, så sender vi deg tre prøve-nummer utan at du forpliktar deg til noko som helst.



Tips oss – om ein typisk

DAG OG TID -lesar som ikkje les Dag og Tid.

Send SMS til 2007 slik: TYPISK følgd av namn og adresse til personen. (Døme: TYPISK Jonas Gard Større, Riksvegen 10, 5020 Bergen).

Han eller ho du tipsar om, får tre nummer av Dag og Tid, heilt utan plikter. Du får eit Flax-lodd som takk for hjelpa.



SITATET:

– Norsfaget er i endring, og resultatet kan bli dramatisk. Det viktigaste framover er å sikre at elevar får ein eigen karakter i sidemål. Så må vi drøfte kva norskfaget bør vere, og kva som må til for at det skal bli det.

Gunnar Skirbekk til Syn og Segn

Velkommen til Voss

Vidar Høviskeland

Dagleg leiar i LNK



HØVISKE ORD

I år er det 50 år sidan Donald Duck løyste det store Eggmysteriet og skapte ein intens språkdebatt heri landet. Det synt seg at den tidlege globetrotteren Tron Dreyerdal frå Voss hadde vitja ei fjellbygd i Andesfjella og lært ei indianarstamme å snakke vossdialekt. Eg skal ikkje insistere på at det er ein samanheng, men 30 år seinare vart Landssamanslutninga av nynorsk kommunar (LNK) skipa, og har valt å feira dei første 20 åra sine på Voss. Tilfeldig? Neppa.

I april er det Landsting i LNK. Me opnar det heile med ein stor konsert i Voss kulturhus, der Per Inge Torkildsen presenterer Sigrid Moldestad med band, Twang Gang med rockabilly på nynorsk og fleire andre gode artistar. Konserten er open for alle og me ventar å sjå mange av Tron Dreyerdals etterkommarar denne kvelden.

Tema for landstingkonferansen gav seg mest sjølv. I Språkåret 2013 ønskjer LNK å laga ein statusrapport som syner kor sterkt nynorsk språk står i kommunane og i resten av samfunnet.

Ottar Grepstad stiller i sitt innlegg på landstinget spørsmål ved om nynorsk er eit stort språk i verda, men eit lite i norske kommunar? Kvifor bør kommunane vera opptekne av det nynorske språket? Er det i det heile bruk for ein organisasjon som LNK lenger? Ikkje uventa kanskje; eg meiner ja.

Nynorsk er det daglege bruksspråket i meir enn 100 kommunar og fylkeskommunar. Det er eit innarbeidd språk som har vist at det duger. Det byggjer på dialektane våre og er fri for den håplause kansellistilen som gjer at så mange offentlege bokmålsdokument er vanskelege å forstå. Dermed vert nynorsk eit meir tydeleg og eit meir demokratisk språk, eit språk som både kommunar og andre med rette kan vera stolte av.

På landstinget tek me og opp den store mediadebat-ten om kva rolle nynorsk skal ha på dette området. Kva rolle vil journalistikk på nynorsk ha framover. Papiraviser som konsekvent har nekta journalistar å skriva nynorsk får stadig lågare opplag, medan nynorsk nettjournalistikk er i framgang. Framtida.no som LNK driv saman med ABC Startsidene, hadde i fjor 210 000 unike brukarar.

Andre tema på konferansen vert norskfaget i skulen, sidemålsproblematikk, åttaka på mållova, og mange andre spennande saker.

Dag Solstad sa i samband med lanseringa av «Uskrevne memoarer» i sist veke at nynorsken er redninga for den norske kulturen. Aftenposten siterte Solstad slik: - Hadde vi ikke hatt nynorsk, ville vi sannsynligvis mistet hele kulturen vår. Rett nok er Solstad kjend for å spissformulera seg og vera ironisk, men her er han inne på noko, og slike samanhengar me ønskjer å få fram gjennom konferanseprogrammet.

Velkommen til Voss

Papiraviser som konsekvent har nekta journalistar å skriva nynorsk får stadig lågare opplag, medan nynorsk nettjournalistikk er i framgang.

Ni av ti bruker nynorsk

Elevane på vidaregåande skular i Møre og Romsdal følgjer ikkje straumen. I dette fylket melde 26 prosent av elevane i 3. klasse seg opp til eksamen med nynorsk som hovudmål i fjor. På landsbasis er det 6,4 prosent av elevane i den vidaregåande skulen som oppgjev nynorsk som sitt hovudmål, melder Nærnett.no, nettavisa til Høgskulen i Volda. Nettavisa viser til tal frå Volda vidaregåande skule, der 85 prosent av avgangselevane har vald nynorsk som hovudmål, og der ni av ti elevar som har valt studiespesialisering, har valt nynorsk. Avdelingsleiar Lisbet Ose ved Volda vidaregåande skule seier til nettavisa at det blant elevane i påbygg og yrkesfag er færre som vel nynorsk.

startside /

Klikk deg til meir nynorsk!

www.startside.no

LNK KORTET 2011-2013

Best Western HOTELL HORDANEHEIMEN

Best Western HOTELL BONDEHEIMEN

det norske teatret

Sjå meir på LNK.no om tilboda kortet gir

Nettbank i ny drakt

Banksjef i Valle Sparebank, Vidar Homme, er ein av dei som har ønskt seg nynorsk nettbank. No ser det ut til å bli ei løysing.

JUDITH SØRHHUS LITLHAMAR
judith@norsk-plan.no



HÅPAR: Håpar på snarleg løysing for nettbank i nynorsk drakt. (Foto: Valle Sparebank)

Homme viser til at nynorske nettbankar er ei sak mange bankar har vore opptekne av lenge.

– Sparebanken i Valle har alltid brukt nynorsk. Me har ein spesiell dialekt, og det er heilt naturleg for oss å bruke nynorsk både på nettsider og i brev og anna materiell.

SNART PÅ Plass

Valle Sparebank er saman med 78 andre sparebankar ein del av Terra-gruppa. Bankane i Terra-gruppa er sjølvstendige, med egne namn og profilar. Samstundes har dei ein del fellestener, blant anna nettbank. Terra-gruppa er både eit finanskonsern og ein bankallianse som ynskjer å tilby tenester og produkt som er for kostnadskrevjande for den enkelte banken.

– Me er mange bankar på vestlandet, i Ryfylke og i Telemark som har etterlyst ein nynorsk versjon av desse nettbankane. No har me fått signal om at dette blir løyst i løpet av året, noko som er kjempebra. – Kva betyr det for kundane å få nettbanken på nynorsk?

– Eg trur heilt ærleg at det for nokon ikkje har noko å bety, sidan det språklege

medvitet er varierende. Men for andre er det viktig, meiner Vidar Homme. Han viser til at banken i Valle har fått fleire spørsmål om ikkje nettbanken bør kome på nynorsk. I tillegg har lokalavisa Setesdølen teke fatt i saka og laga eit oppslag som sette saka på dagsorden.

SIGER FOR NYNORSKEN

Han meiner nettbank på nynorsk er ein siger for nynorsken.

– Det er eit verktoy dei aller fleste brukar jamleg, mange dagleg. Med dette er me på veg til å etablere nynorsk også som ein del av økonomispråket.

– Kvifor er ikkje dette gjort før?
– Det er eit godt spørsmål. Det kan sjølv sagt ha noko med kostnad å gjere. Det er dyrare å endre på eksisterande

- for deg som meiner noko

MAGASINETT

Eit stimulerande nettmagasin for elevar på ungdomstrinnet og i den vidaregåande skolen – på nynorsk!

www.magasinett.no

Nett det du treng på nettet?

NO OG MED EIGA HANDBOK FOR LÆRAREN!

dataprogram enn å gjere endringane i startfasen.

Nynorskbankane har også medverka gjennom omsetjing av tekstar frå bokmål

til nynorsk i nettbankane for å få kostnaden ned.

Det har diverre ikkje lukkast LNK-avisa å få tak i talspersonar for Terra-gruppa.

– Bør satse på skulen

Språkval 2013



(Foto: Arbeiderpartiet)

Me ufordrar politikarar på Stortinget på kva dei meiner blir den viktigaste språksaka fram mot stortingsvalet 2013. I dag: Tor Bremer (Ap).

Tor Bremer (Ap) meiner kommunane si viktigaste språkoppgåve framover blir å ha ein så god skule at elevane ynskjer å halde på nynorsken.

JUDITH SØRHHUS LITLHAMAR
judith@norsk-plan.no

– Kva blir den viktigaste språksaka fram mot Stortingsvalet 2013?

– Det blir å oppretthalde det tospråklege Noreg. Det vil vi gjere ved å behalde det omfanget av nynorsk som vi har i dag.

– Kva blir den viktigaste nynorsksaka?

– Den viktigaste nynorsksaka vil vere å stå imot Høgre og Frp sine ynske om å gjere sidemålet frivillig på ungdomsskulen. Det er det største åttaket på nynorsken sidan Stortinget 12. mai 1885 gjorde vedtak om å sidestille nynorsken med bokmålet.

– Kva tenkjer du om framtida til sidemålet og sidemålskarakteren?

– For ein nynorskbrukar vil sidemålet vere bokmålet. Det står seg godt. Men om ein meiner nynorsken som sidemål, så er det så absolutt under press. Me ser det spesielt i talet på elevar som brukar nynorsk på eksamen i vidaregåande skule. Der blir det halvert i frå ungdomsskulen. Det som er mest kritisk, er at det er i kjerneområdet for nynorsken at det raknar. Her leitar me etter dei gode grepa for å styrke nynorsken. Saka er ute på høyring, og det er for tidleg å sei noko om ein kjem til å gjere noko med sidemålskarakteren. Men truleg ikkje.

– Kva tenkjer du om framtida til mållova?

– Eg trur ho står seg godt også i framtida.

– Kva trur du blir den viktigaste utfordringa for nynorsk kommunane framover?

– Det blir nok å ha ein så god skule at elevane vil holde på nynorsken resten av livet.

– Korleis påverkar språksakene eit eventuelt regjeringsamarbeid etter valet?

– Det ser diverre ut som om Høgre og Frp har bestemt seg, og dei vil difor truleg styrke utviklinga i ei uheldig retning for nynorsken om dei får makta. For den raud-grøne sida vil det naturlegvis vere viktig å styrke nynorsken sin posisjon i samfunnet. Det er for oss ikkje berre eit språkspørsmål, det er også eit kulturelt spørsmål.



Landssamanslutninga av nynorsk kommunar (LNK)

PB 7044

St. Olavs plass
0130 Oslo

www.lnk.no • facebook.com/LNKno

post@lnk.no

Dagleg leiar:

Vidar Høviskeland

Styret:

Astrid Myran Aarvik, styreleiar

Laura Seltveit

Rune Øygard

Solfriid Borge

Gunnar Strøm

Varamedlemer:

Nils R. Sandal

Hallvor Lillesett

Bjørn Fredrik Nome

LNK arbeider for å skape positive haldningar til nynorsk språk og kultur og for at kommunane og styresmaktene tek desse sakene opp gjennom sine planverk.

LNK tek på seg å vere talerøyr for medlemene og spreie informasjon som styrker dialektane, nynorsk skriftspråk og dei kulturtradisjonane dette står for.

LNK samarbeider med:
Bladet Sunnhordland
KLP forsikring
Hotell Bondeheimen
Fagforbundet
Kommunalbanken

språkprat: Tom Hetland

Aftenposten har problemet

Redaksjonsklubben i Bergens Tidende er uroleg for det språklege mangfaldet i avisa. Frå årsskiftet er det oppretta ein felles redaksjon, Riks, som skal produsere såkalla nyttestoff om bustad, reise, teknologi og bil for Schibsted-avisene Aftenposten, Bergens Tidende, Stavanger Aftenblad og Fædrelandsvennen, og dessutan for Adresseavisen i Trondheim. Journalistar i Bergens Tidende har fått signal om at det berre er bokmål som skal brukast i denne redaksjonen. I ein resolusjon krev klubben at redaksjonsleiinga må sikra journalistane i Riks den same språklege fridomen som Bergens Tidende-medarbeidarane har.

Dersom nokon vil halda ei av dei to offisielle målførmene ute av spaltene, er det deira ansvar å ta konsekvensen av det.

Problemstillinga er ikkje ny. Då det som den gong heitte *Media Norge-samarbeidet* vart etablert for nokre år sidan, var det mange, både i og utanfor mediehusa, som uroa seg for kva ei mogleg auka stoffutveksling med Aftenposten ville få å seia for språkbruken i Bergens Tidende, Stavanger Aftenblad og dei andre regionavisene.

Sjefredaktørane i samarbeidsavisene fastsette derfor i 2008 ein hovudregel om at medarbeidarar som deltek i stoffutveksling, i utgangspunktet følgjer språkreglane i sin eigen redaksjon. Dersom mottakaren ønskjer stoffet på ei anna målform, eventuelt tilpassa sine eigne lokale språkreglar, er det opp til mottakaren å setja om. Prinsippet er altså at sam-

arbeidet ikkje skal styrast av den parten som har den snevraste praksisen. Dersom nokon vil halda ei av dei to offisielle målførmene ute av spaltene, er det deira ansvar å ta konsekvensen av det.

I praksis handlar dette naturlegvis om Aftenposten mot dei andre. Ingen av regionavisene har noko nynorskforbod, sjølv om dei bruker språket i varierende grad.

Enkelte målfolk er raske med å ropa på lovar og reglar for å sikra språkleg jamstilling, også i media. Her gjeld det å halda tunga beint i munnen. I norske medium er det sjefredaktøren som har det heile og fulle ansvaret for innhaldet, også den språklege linja. Eg trur me alt i alt er tente med at det held fram.

Aftenposten står i ein tradisjon som ei konservativ Oslo-avis, «dette for stemningene i hovedstadens middelstand følsomme organ», som ein tidlegare statsminister uttrykte det. Ein del av denne arven er ein tydeleg riksmålsprofil. Sjølv om språknorma til Aftenposten etter kvart er blitt mindre konservativ, skal me ha respekt for at slike tradisjonar er ein del av kontrakten med kjemelesarane som det kan vera vanskeleg å bryta.

Samtidig har Aftenposten på mange område forandra seg kraftig. Avisa er blitt meir open, kritisk og liberal. «Tanta i Akersgata» høyrer fortida til. Aftenposten uttalar seg i takt med landet og byen ho kjem ut i.

Oslo er i dag ein fleirkulturell by på alle måtar. Det er vår utan samanlikning fremste innvandr- og innflyttarby. På gater, trikk og t-bane høyrer du det summa i ulike språk og dialektar. Eg har ikkje dokumentasjon på det, men eg vil tru at ingen kommune i landet har fleire nynorskskrivarar enn Oslo. At den største avisa i hovudstaden, ei avis som attpå til vil vera det viktigaste nasjonale presseorganet, skal forvise den eine av dei to målførmene til lesarbesvapa, verkar meir og meir som eit ekko frå fortida.



(Foto: Nei til EU)

I høve Språkåret 2013 skriv aktuelle skribentar om språkutfordringar og -erfaringar.

I denne avisa: Tom Hetland, kommentator og tidlegare sjefredaktør i Stavanger Aftenblad

Men dette må Aftenposten sjølv finna ut av. Og det er heller ikkje hovudpoenget i den diskusjonen redaksjonsklubben i Bergens Tidende har trekt i gang. Aftenposten må få ha den språkpolitikken dei vil. Men i eit samarbeid kan dei ikkje tvinga språkpolitikken sin på andre og meir språkleg tolerante redaksjonar. Det er Aftenposten som har problemet.

Læreplanforslag bryt med språkpolitikken



SVEKKJER: Direktør i Språkrådet, Arnfinn Muruvik Vonen, meiner utkastet til ny læreplan i norsk vil svekke nynorsken. (Foto: Elin Moen Karlsen)

Utkastet til endra læreplan i norsk vil svekke situasjonen for nynorsk ved å gje dei fleste elevane lågare nynorskkompetanse enn det dei får i dag, meiner Språkrådet.

JUDITH SØRHUS LITLHAMAR
judith@norsk-plan.no

Det strir mot det Stortinget har sagt om at nynorsk skal styrkjast, skriv Språkrådet i ei høyringsfråsegn til Utdanningsdirektoratet. Språkrådet peikar på at viss læreplanutkastet blir innført, vil bokmålslevar frå hausten få svakare opplæring i nynorsk.

– Viss bokmålslevarane går ut av skulen med lågare nynorskkompetanse enn i dag, blir det tyngre å vere nynorskbrukar i samfunnet. All ny opplæringspolitikk må bidra til at både bokmålslevar og nynorskelevar får bli betre i nynorsk enn i dag. Viss ikkje, vil nynorskbrukarane møte eit stadig sterkare press om å bruke bokmål i store delar av samfunnslivet, seier Arnfinn Muruvik Vonen, direktør i Språkrådet.

SVEKKJER NYNORSKEN

–Utkastet frå Utdanningsdirektoratet bryt med prinsippet om at målførmene er jamstilte. Og utkastet bryt med prinsippet Stortinget slutta seg til med behandlinga «Mål og mening»: at nynorsk skal styrkjast. Språkrådet kan ikkje gå god

for ein læreplan i norsk som verkar motsatt av dei språkpolitiske prinsippa vi er sette til å ha tilsyn med, seier Vonen.

– Det er bra at det nyaste læreplanutkastet har fått inn språkpolitiske vurderingar, men dei samla konsekvensane av utkastet er framleis ikkje i tråd med norsk språkpolitikk, seier Vonen.

TIDLEGARE OPPLÆRING PÅ NYNORSK

Som statens fagorgan i språkspørsmål meiner Språkrådet at dette må til for å sikre nynorsk ei god utvikling: bokmålslevarane må få tidlegare og betre skriveopplæring på nynorsk, nynorskelevarane må få styrkt skriveopplæring på nynorsk. Dei må få bruke skriftleg og munnleg nynorsk i alle fag, og lærarane må få heva kompetanse i god nynorskopplæring.

I høyringsfråsegna poengterer Språkrådet at opplæring i skriftleg norsk er kjernen i norskfaget. Skal faget avgrensast, må det gjerast på anna vis enn å skjere ned på skriveferdigheitene i faget. Meistring i begge målformer må dokumenterast på vitnemålet. Språkrådet skriv òg at jamstillinga mellom målførmene tilseier at ein framleis bør bruke omgrepa bokmål og nynorsk i læreplanverket og ikkje føre inn att hovudmål og sidemål. Likeins meiner Språkrådet at standpunktarakter og eksamenkarakter i skriftleg norsk bør vere i nynorsk og i bokmål.

Les fleire høyringsvar til den nye læreplanen i norsk på lnk.no.



Hovudtema under konferansen er

NYNORSK I SPRÅKÅRET 2013 – EIN STATUSRAPPORT

Korleis står det til med nynorsken på ulike område i samfunnet?

NYNORSK I OPPLÆRINGA

Det nye norskfaget og norsk språk etter Språkåret 2013

Landstinget opnar med kulturkveld i nye og flotte Voss kulturhus

Med Sigrid Moldestad, Per Inge Torkelsen, Twang Gang, Olav Undeland og Arne Anderdal

Innleiingar og føredragshaldarar:

Hadia Tajik – Kjartan Fløgstad – Ottar Grepstad
Hilde Sandvik – Per Arne Kalbakk – Espen Udland
Inger Johanne Sæterbakk – Sigrid Moldestad – Terje Lyngstad
Nina Refseth – Trine Lerum Hjelldahl – Arnstein Bjørke
Ragnfrid Trohaug – Jan Olav Fretland – Terje Breivik
Helge Andre Njåstad – Yvonne Algrøy – Irlil Schau Johansen
Yngve Årdal – Øystein Hassel – Svein Olav Langåker

Konferansen går føre seg i Voss kulturhus
Park Hotel Vossevangen er konferansehotell

Elektronisk påmelding på LNK sine nettsider www.lnk.no

Påmeldingsfrist: **5. april 2013**

Informasjon og fullt program finn du på www.lnk.no



Kultur, språk og litteratur

for deg som jobbar med barn

På nettsida vår kan du og lesa om Pirionkurs: Korleis kan vaksne bli medvitne brukarar og formidlarar av språk, kultur og identitet?

Pirion.no
- kulturavis for barnehagar og skular

Faste spalter:

BOKPRAT | MIN BARNEHAGE | LES FOR MEG | AKTUELT

www.pirion.no

facebook/pirion

@avisapirion

LNK – 20 år med språkkamp



FRAMTIDA: Barn og unge er framtida, også i nynorsk kommunane, seier Magnbild Melveit Kleppa (Sp). (Foto: Judith Sørhus Lillehamar)



STERK: Styreleiar Astrid Myran Aarvik meiner det er viktig at LNK framleis er sterk nok til å fange opp ønska frå kommunane. (Foto: Lene Kristin Moe)



SAMARBEID: Samarbeidspartnarane er viktig for LNK. Her er dagleg leiar Vidar Høviskel og i samtale med Jan Davidsen i Fagforbundet. (Foto: Steinvik Langåker)



VIKTIG: Kommunal- og regionalminister Liv Signe Navarsete meiner LNK er viktig for å balde nynorsk på dagsorden i kommunane. (Foto: Kommunal- og regionaldepartementet)

– Eg trur kunnskap om språk vert endå viktigare enn i dag, ikkje minst det å uttrykkje seg skriftleg, altså nytte språket som kommunikasjonsverktøy. Men språk som identifikasjonsmerke kjem også til å bli viktig framover, seier leiar i LNK, Astrid Myran Aarvik.

JUDITH SØRHUS LITLHAMAR
judith@norsk-plan.no

Ho er leiar i ein organisasjon som i år fyller 20 år og er sterkare enn nokon gong.

– Når du er blitt 20 år, så er du ikkje ein tenåring lenger. LNK er blitt vaksen, sterkare og meir innarbeidd, seier styreleiaren. Me har eit stabilt medlemstal, og me har bevisst livsretten vår.

I 1990 skreiv Kulturdepartementet brev til ulike departement og direktorat og bad om at ein fekk utarbeidd planar for måljamstillingsarbeidet. Bakgrunnen for brevet var ei kartlegging frå 1989 som viste at ingen oppfylte mållova sine krav til nynorsk. Mange svarte at dei hadde utarbeidd slike planar, men Statskonsult meinte at ein ikkje hadde behov for spesielle tiltak, og meinte til dømes at mållova var ein «formell raritet», og at «å skrive nynorsk tar ekstra tid som medfører auka utgifter».

Flere kommunar reagerte sterkt på dette. Ulvik herad tok initiativ til ein kampanje mellom dei 113 nynorsk kommunane, 34 kommunar frå åtte fylke sende skarpe fråsegner mot Statskonsult eller støtteerklæringer til Ulvik. Blant anna skreiv Finnøy kommune: «skulle vi leggja like snevre økonomiske mål på andre delar av vår kulturarv som det Statskonsult gjer seg til talsmann for når det gjeld nynorsk, vil det vel kan hende bli lite «arv» til neste generasjon».

Statskonsult vann ikkje fram, men skapte sterke reaksjonar.

I 1991 skipa Kommunenes Sentralforbund, Ulvik herad, Ørsta kommune og Noregs Mållag til ein konferanse som fekk tittelen: Nynorsk – klamp om foten eller utfordring for det offentlege? Rådmann i Ulvik, Einar Schibevaag, var pådrivar saman med ordførar Lars Sponheim (V).

Kultursjef i Bergen, Sigve Gramstad, deltok på konferansen. Han var den første som lanserte tanken om å skipe eit nettverk av nynorsk kommunane. Han vart strategen som utdøypte ein tanke mange hadde tenkt på over tid. På slutten av konferansen la han fram ei skisse til korleis eit nettverk burde strukturerast.

– Eg minnest at eg heldt eit føredrag på konferansen, og at eg la fram ideen om dette nettverket. Målet, meinte eg, burde vere å etablere eit forum for drøfting av felles problem knytte til bruk av nynorsk, frå det mest praktiske, som utforming av brev og slikt, til meir generelt, som korleis ein skulle fremje bruk av nynorsk i kommunal administrasjon, seier Gramstad, som i dag er statsarkivar ved Statsarkivet i Stavanger.

– I tillegg meinte eg det var viktig å utarbeide kurs i nynorsk retta mot kommunal verksemd, å fremje saker som er viktige for nynorsk kommunane når det gjeld språkbruk, å formidle god praksis når det gjeld bruk av nynorsk til andre kommunar i nettverket, og å spreie kunnskap om god målbruk og om språklege rettar innbyggjarane i kommunane burde vente seg.

Eg meiner eg la vekt på det ikkje burde byggast opp ein organisasjon. Eit nettverk burde ha minimal administrasjon, og det skulle ikkje koste særleg å bli med. Eit anna viktig poeng frå mi side var at kommunane skulle sjå eigenverdien i å bli med i nettverket, dei skulle få noko igjen for medlemskapen, noko som også kunne heve kvaliteten på dei kommunale tenestene, seier Gramstad.

Han viser til at han etter dette har hatt lite kontakt med arbeidet i oppbygginga av LNK og for liten kunnskap om korleis LNK arbeider i dag, til å ha ei meining om kva utvikling ein bør gå for.

Men eg vil tru at mange av dei opphavlege tankane ennå utgjer ein stor del av fundamentet for arbeidet i LNK.

KS var ikkje representert på konferansen i Ulvik og fekk kritikk for det. Ein representant frå kurs- og konferanseavdelinga var

der, men han hadde ingen enkel jobb. Særleg ikkje då han leverte ut kursevalueringsskjema på bokmål, det var ikkje så populært.

Ordførarar frå dei seks nynorsk kommunane som var med på konferansen, Ørsta, Ulvik, Voss, Ullensvang, Vinje og Eidfjord, sende 8. mai ei fråsegn til styret i KS der dei mellom anna oppmoda KS til å setje språkbruk og nynorsk på dagsorden. Andreas Hompland skreiv i Dagbladet etter konferansen:

«Det er med nynorsk som med biletvakre småkommunar, dei overlever betre i poesien enn i næringslivet, media og den kommunale kvardagen.»

Arbeidet vidare var Einar Schibevaag drivkrafta. I tillegg til å vere sentralt plassert som rådmann i Ulvik var han nestleiar i Noregs Mållag frå 1991–1995, der han mellom anna hadde offentleg målbruk som eit av ansvarsområda. Etter kvart kom det behov for ein formell base for arbeidet, og valet fall på Forretningsmållaget. Dette laget hadde litt pengar og var ein god base for arbeidet vidare. På årsmøtet sitt 8. april 1992 vart det valt eit styre i Forretningsmållaget som skulle arbeide for ei nettverkssamanslutning av nynorsk kommunar. I styret sat

LNK har gått frå å vere ein relativt rein språkorganisasjon til også å arbeide med samanhengane mellom språk og næringsliv, reiseliv og kultur.

Jan Magne Dahle

Nils Taklo, ordførar Ørsta kommune, Olav Nystog, ordførar Vinje kommune, Torolv Hesthamar, styreleiar i Sparebanken Hardanger, Asgjerd Taksdal, kulturkonsulent i Time kommune og Maria Høgetveit Berg, kultursjef i Ål kommune.

På det konstituerande styremøtet i Forretningsmållaget 14.–15. mai 1992 vart Nils Taklo vald til leiar, medan Einar Schibevaag vart skrivar og økonomiansvarleg. Dei vedtok å ta sikte på å skipe Landssamanslutninga av nynorsk kommunar. Namnet kom

truleg etter mal frå ei anna samanslutning som mange av dei same kommunane er med i, Landssamanslutninga av Vasskraftkommunar.

Under Nynorsk Festspelveke 2–3 september 1992 i Ørsta vart det skipa ny konferanse. Ørsta kommune skipa til saman med kommunane Ulvik, Hjelmeland, Vinje, Ullensvang og Noregs Mållag. I Ørsta var ordførar Taklo aktiv, og ikkje minst formannskapsmedlem Jan Magne Dahle. Dahle sat i formannskapet i Ørsta då det heile byrja, og var den som skreiv protestbrevet til kommunen retta mot utspelet til Statskonsult.

Ullensvang herad hadde teke seg av den saklege sida av ein protest, så eg skreiv eit heller ironisk brev, der eg harselerde med haldningane i Statskonsult og konkluderte med at Ørsta kommune ville be departementet om å gje Statskonsult i oppdrag å utarbeide tiltak mot lærevegving i staten og Statskonsult, minnest Dahle.

I 2003 tok Dahle over leiarjobben i LNK etter Nils Taklo, ein jobb han hadde i åtte år.

– I tida mi som styreleiar tok eg også på meg å vere medlem i nokre statlege utval og skrive utkast til fråsegner for styret. Det har eg halde fram med i ei rådgjevarrolle dei siste to åra.

– Korleis har LNK utvikla seg desse 20 åra?
– LNK har gått frå å vere ein relativt rein språkorganisasjon til også å arbeide med samanhengane mellom språk og næringsliv, reiseliv og kultur. God og identitetsskapande

språkbruk kan så absolutt vere ein positiv faktor i marknadføringa av produkt og tenester. Denne utviklinga har vitalisert organisasjonen, og det har vore sterkt medverkande til at LNK i dag har eit sterkt nettverk av støttespelarar som er til stor hjelp for samanslutninga.

Han meiner LNK truleg betyr mest for dei kommunane som kan nytte seg av tenestene LNK tilbyr.

– Det gjeld kurs i kommunal saksutgreiing på nynorsk, der det blir lagt vekt på klårt språk, og det gjeld bruk av Magasinett og Pirion og Startside med Framtida.no. LNK har arbeidd mykje for å gjere nynorsken synleg på Internett. Eit initiativ frå LNK førte også til at staten tok eit ansvar for å utvikle eller omarbeide læremiddel på nynorsk for flyktningar og asylsøklarar. Det betyr mykje for kommunar som driv slik opplæring.

– LNK bør halde fram med dei arbeidsområda som organisasjonen har i dag, og i tillegg gjere ein framstøyt for å få til meir språkleg likestilling i dei frivillige organisasjonane og i KS. LNK må heller ikkje gje opp arbeidet for at den norske rikspressa med papir- og nettaviser må tillate begge dei to likestilte målformene/skriftspråka i det redaksjonelle arbeidet, seier Dahle.

I september 1992 går det ut invitasjon frå interimstyret i LNK til kommunar, fylkeskommunar og interkommunale organisasjonar med tilbod om å bli medlem i det som seinare skal bli LNK. I mai 1993 har LNK fått 72 medlemmer, 20 har takka nei. 16.–18. juni 1993 vart LNK skipa på Bryne. Hovudtemaet på skipingsmøtet var

På Lnk.no møter du spanande kommentatorar som skriv om Kommune-Noreg, språk og nynorsk. Her er nokre smakebitar.

LNK NYTT

Torgeir Dimmen
Leiar for nasjonalt senter for nynorsk i opplæringa



(Foto: Nynorsk-senteret)

– I aftenposten.no er nynorskforboda utthola. På skjermen er det stadig nynorske artiklar å sjå. Ikkje berre i kronikkar og kommentarar frå eksterne skribentar, men også heilt standard redaksjonelle saker, utstyrt med nynorsk

språket frå barnehage til høgskule, det kommunale språket og kommunal informasjon og marknadføring. Lokalisering av kontoret vart drøfta, og inntil vidare vart det vedteke å ha kontorstad i Oslo. I tillegg fekk Ullensvang pris for god offentleg målbruk på dette møtet. Elles la Jan Olav Fretland fram prosjektskisse om utvikling av ei språk- og dokumentlære. Det er Fretland som har laga kurset «På saklista» som LNK også i dag tilbyr medlemskommunane sine. Nils Taklo vart vald til leiar, og dermed vart det formelle arbeidet i LNK i gang. I styret var det brei politisk oppslutnad, med representantar frå både Senterpartiet, Høgre, Arbeidarpartiet og KrF. I oktober 1993 byrja Kari Bjørke i stillinga som den første daglege leiaren i LNK. Ho kom frå Kommunaldepartementet, der ho hadde vore rådgjevar i arbeidsmiljø- og tryggleiksavdelinga. Kontoret til LNK var samlokalisert med Noregs Mållag, Noregs Ungdomslag, Kringkastingsringen og Norsk Barneblad.

Gennom alle desse åra har LNK vore avhengige av gode støttespelarar og eit breitt nettverk. Ein av støttespelarane er Kommunalbanken.

Kommunalbanken har vore samarbeidspartnar med LNK sidan 2004. Samarbeidet har gjort det mogleg for oss å møte LNK sine medlemskommunar, som jo ofte er våre kundar, på nye arenaer. Særleg samarbeidet om LNK sine fagkonferansar til Newcastle, mens ferja enno gikk mellom Bergen og Newcastle, var store opplevingar både fagleg og sosialt. Samarbeidet med LNK har også gjort Kommunalbanken meir medviten om bruken av

tittel, bilettekst og det heile. Til dømes denne kultursaka frå desember 2012. Eg har også sett nyhendesakar på nynorsk i aftenposten.no om skiskyttarar og fotballspelarar.

Forklaringa er sjølvagt avtalar om stoffutveksling med andre aviser. Nokre av desse (Bergens Tidende, Stavanger Aftenblad og Sunnmørsposten) har nynorskskrivarar, journalistar, og Aftenposten har valt å ikkje spandere tid og ressursar på å omsetje deira saker til bokmål. Desken lar det stå til, og satsar på at lesarane av nettavisa deira tolerer det. Det gjer dei nok.



PRIS: Liv Signe Navarsete delte også ut prisen Årets nynorsk-kommune til Sogn og Fjordane tidlegare i år.

(Foto: Kommunal- og regionaldepartementet)



KURS: Tidlegare styreleiar i LNK, Jan Magne Dable viser til at kursa LNK tilbyr medlemskommunane er viktige.

(Foto: Judith Sørhus Litlehamar)

nynorsk. I det heile er LNK dyktige i alt dei gjer, seier kommunikasjonssjef i Kommunalbanken, Tor Ole Steinsland, og viser til at LNK har utvikla seg og gjort seg relevant på stadig fleire område, som vegutbygging og nettstadar for unge.

– Me håpar LNK betyr mykje for nynorsk-kommunane, både som inspirator og fagleg sparringspartner, men også som ein forkjempar for det nynorske språket, seier han.

LNK engasjerer seg stadig i nye spørsmål, noko dei har gjort i alle desse 20 åra. LNK var engasjert i oppstarten av Ivar Aasen-stiftinga og Ivar Aasen-året i 1996, seinare vart dei mellom anna engasjerte i kulturavisa Pirion, nettstaden Magasinet og Framtida.no. Dei spelte også ei sentral rolle i Diktarveg-prosjektet, der ein ynskte å gjere rv. 13 om til ei litteraturrute.

I februar 2001 skipar LNK saman med Noregs Mållag stiftinga Pirion, ei ideell stifting med hovudformål å gje ut kulturavisa Pirion, ei avis som stimulerer og inspirerer til kulturarbeid for alle som arbeider med barn. NM hadde gjeve ut to prøvenummer av Pirion i 2000. Det er også utvikla eit Pirion-kurs, som er eit kurs om kulturformidling i barnehagen. Det er retta mot det pedagogiske personalet og har som oppgåve å auke refleksjonen kring barnehagen si rolle som kulturformidlar i det moderne mediasamfunnet. Ingeborg Mjør var den første redaktøren i Pirion.

I dei seinare åra har me også sett LNK engasjert i mellom anna bibliotekprosjektet Nye tider – Nynorsk og i valprosjektet for ungdom; Mot til å meina.

LNK har utvikla seg til å bli ein viktig organisasjon i målørsla. Nynorsken kviler i stor grad på nynorsk-kommunane, og då er det viktig at dei er organiserte slik at ytringane deira får meir tyngde. LNK har vore viktig i avgjerande saker, og særleg viktig var kampen for nynorsk programvare, seier kommunal- og regionalminister Liv Signe Navarsete (Sp).

Ho meiner LNK er ein samlande organisasjon som raskt kan mobilisere for nynorsken når det trengst, og at dei vert lytta til i saker som vedkjem nynorsk-kommunane.

– LNK er også viktig for å halde nynorsk på dagsorden i Kommune-Noreg, seier ho.

– Kva bør LNK arbeide med framover?

– Presset på nynorsken er stort, og det ytrar seg på ulikt vis: frå påstått vantande nynorsk-kompetanse hjå dei tilsette til nedlegging av dei små nynorske grendeskulane. God nynorskoplæring i skulen er særleg viktig for nynorsken si framtid. Dei val den enkelte kommune gjer i høve målform, er med og påverkar kor sterkt nynorsken vil stå i framtida. LNK kan vere med på å løfte desse sakene på vegner av nynorsk-kommunane. LNK kan løfte fram trongen for i større grad å slå ring om nynorsk-kommunane som viktige forvaltarar av den nynorske skriftkulturen.

– Eg vil gratulere 20-års-jubilanten LNK og håpar og trur de vil stå på vidare for målsaka. Det er meir enn

nokon gong bruk for denne organisasjonen til å fremje språkkultur og som ei viktig røyst i språkdebatten, slår ministeren fast.

Dagens leiar, Astrid Myran Aarvik, meiner organisasjonen framleis må vere så sterk at han klarer å fange og følgje opp ønska frå kommunane.

LNK skal framleis vere ein profesjonell organisasjon som leverer kvalitetstenester til medlemene sine. Ikkje minst er det viktig at me er opptekne av prosessane kring eventuelle kommunesamanslåingar – og kva språklege konsekvensar desse kan få.

Ho meiner LNK bør vere til stades på samfunnsområde der det skjer endringar, og der folk møtest.

I våre dagar skjer dette først og fremst på Internett, og eg reknar med at organisasjonen kjem til å satsa endå meir på dette området i tida som kjem. Ein stor del av utviklinga i samfunnet skjer av di ny teknologi gjev oss fleire moglegheiter. Det er viktig at me er raskt til stades på slike nye arenaer, og at me er flinke til å ta i bruk ny teknologi.

– Barn og unge vil framleis vere viktige målgrupper for LNK. Om nokre år er desse gruppene ordførarar og rådmenn, og det er viktig at dei kjenner til og forstår den norske språksituasjonen.

Aarvik meiner dessutan at kurset «På saklista», som LNK leverer saman med Fagforbundet og Høgskulen i Sogn og Fjordane, må haldast oppe, og at ein bør arbeide for at LNK har økonomi til å tilby desse kursa gratis til kommuneadministrasjonane, slik som i dag.

Tor Øyvind Skeiseid er tidlegare NRK-journalist og driv no firmaet Ryfylke Livsgnist på Finnøy. Han er ein av LNK-avis sine lesarar og har eit klart tips til det vidare arbeidet i organisasjonen.

– Få fram bedrifter og kulturberarar i kommunane som er medvitne om språk og kultur, og som dermed løftar fram både kommune, region og nynorsk, slår han fast.

Tidlegare kommunal- og regionalminister Magnhild Meltveit Kleppa er også klar i si oppfordring til organisasjonen.

– Det beste LNK kan gjera, er å forsterke arbeidet med å gjere kommunane medvitne om kor viktig målet er for sjølvkjensle, tilhøyre og identitet. Barn og ungdom er framtida, også i nynorsk-kommunane. Lære-bøker, bok-tilfanget i skule og barnehage, nettsider og kommunal saksutgreiing, ungdomsråd og debattar – her er mykje godt arbeid som kan forsterkast.

– Om få år har unge frå LNK-kommunane viktige samfunnsoppgåver der dei sjølv treng eit godt mål. Nokre av dei vert lokale folkevalde, og grunnlaget må leggjast no.

Ho legg vekt på at ho har hatt stor glede og nytt av samarbeidet med LNK gjennom åra.

– Som kommunal- og regionalminister kunne eg drøfte med LNK om å utforme ein eigen årleg pris til beste nynorsk-kommune. Eg kunne òg spørje LNK om verdien av å nytte kommuneproposisjonen til å omtale status for nynorsken i kommunane. Elles er Løvebakken Mållag, prosjekta Diktarvegen og Mot til å meina nokre av fleire døme på stader der eg har lært å setje pris på LNK, fortel Meltveit Kleppa.

– Eg har inntrykk av at LNK ikkje lenger berre bryr seg direkte om målet, men tek på alvor at det er mange andre tilhøve i medlemskommunane som det er klokt å engasjere seg i. LNK kan gje råd og rettleiing når det skal utarbeidast målbruksplan i kommunen. Dei held utmerka kurs for ustøe nynorskbrukarar og er i det heile ein svært viktig støttespelar for medlemene sine.

I dag har LNK 123 medlemmer blant kommunar, fylkeskommunar og interkommunale organ. Organisasjonen tek mål av seg til å arbeide for å skape positive haldningar til nynorsk språk og kultur og for at kommunane og styresmaktene tek desse sakene opp gjennom planverka sine. LNK tek også på seg å vere talerøyr for medlemene og spreie informasjon som styrkjer dialektane, nynorsk skriftspråk og dei kulturtradisjonane dette står for. 1. januar 1998 byrja Vidar Høviskeland som ny dagleg leiar i LNK. Vidar er frå Tynes, bur der også, og har delvis heimkontor. Han er aktiv i lokalpolitikken i Tynes, og har vore LNK-medlemskontakt for Tynes. Høviskeland har også arbeid i Noregs Mållag, har vore frilansjournalist og har erfaring frå det offentlege. 23-25 april arrangerer LNK landsting på Voss.



Sjå meir på LNK.no om tilboda kortet gir

Heidra for klart språk

Vinnaren av Klarspråksprisen 2012 er Statens vegvesen.

JUDITH SØRHUS LITLEHAMAR
judith@norsk-plan.no

Juryen meiner Statens vegvesen har arbeidd systematisk med godt språk gjennom mange år, og har vist imponerende gjennomføringsevne.

– Statens vegvesen har sett i gang og gjennomført tiltak og prosjekt med tydeleg entusiasme og skapt glød og begeistring i heile organisasjonen. Klarspråksarbeidet er solid forankra på alle nivå i organisasjonen, og vinnaren har klart å integrere klarspråksarbeidet i den daglege drifta på ein god måte. Vegvesenet har kartlagt førsituasjonen grundig, målt resultatet undervegs og kan vise med tal og statistikk at dei har oppnådd økonomiske resultat og nå sparer tid og har meir nøgde brukarar.

IMPONERT JURY

Juryen legg vekt på at vinnaren har laga gode retningslinjer og har ei god styringsgruppe i klarspråksarbeidet. Dei viser til at alle medarbeidarane



PRISVINNAR: Statsråd Rigmor Aasrud deler ut pris til Sissel Faller, Marte Spets og Anne Daae Sæle i Statens Vegvesen.

har vore gjennom omfattande kursing, og at kartleggingsarbeidet og dokumentasjonen på arbeidet er eit førebilete for andre.

Likevel har vinnaren framleis eit stykke igjen når det gjeld stil, rettskriving og formverk

i nokre av tekstane. Språket er klart, men ikkje heilt korrekt. Juryen håpar vinnaren vil fortsetje det gode arbeidet og lage ein god plan for å følgje det opp og forbetre det.

Juryen er imponert over vinnaren si gjennomføringsevne. Statsorganet har sett i gang og fullført ulike tiltak og prosjekt med tydeleg entusiasme og skapt glød og begeistring i heile organisasjonen.

Vinnaren har ein sær god nettstad med tydelege faner og innhald som er systematisert etter brukarane sine behov. Nettstaden er ein av dei mest brukte, og har 13,5 millionar besøk i året.

BETRE DIALOG

– Klarspråksarbeidet er eit viktig bidrag til betre dialog med brukarane. Eg er glad for at Vegvesenet valde å satsa på klarspråk i 2010, og er sjølvsagt veldig stolt over at me allereie no går av med førsteprisen blant dei 60 offentlege organisasjonane som jobbar med å skrive klare, seier vegdirektør Terje Moe Gustavsen i ei pressemelding.

I år blir Klarspråksprisen delt ut for fjerde gong. Prisen skal vere med på å fremje og styrke klarspråksarbeidet i staten. Prisen går til eit statsorgan som har lagt ned ein ekstraordinær innsats for å gjere tekstar på papir og nett tilgjengelege og forstålege for brukarane. Prisen blir delt ut av Fornyings-, administrasjons- og kyrkjedepartementet.

I juryen sit Kjell Lars Berge (leiar), Gunn Ovesen, Ola Breivega og Ragnfrid Trohaug.

Medlemsfordelar for deg med offentlig tenestepensjon i KLP

Skadeforsikring: Bil, hus, reise m.m.

- Konkurransedyktige og stabile prisar.
- Gode forsikringsvilkår – den raskaste bonusoppteninga i marknaden.
- Raskt skadeoppgjering.

Banktenester

- Svært god rente frå første krone på spare- og brukskonto.
- Gebyrfrie varekjøp og minibankuttak.
- Gode vilkår på lån med sikkerheit i bustad.
- Vi tilbyr bustadlån, bustadkreditt og Litt Extra (til dei over 60 år).

Fondssparing

Det rimelegaste kombinasjonsfondet i marknaden. Fondet passar for deg som sparer langsiktig (+5år) og ønskjer lågare risiko enn aksjefond. Årleg kostnad berre 0,25 %.

Sjå kva du vil få i pensjon

– logg deg på Min.Side på klp.no og få oversikt i dag!

For meir informasjon om medlemsfordelane gå til klp.no/medlem eller send sms med kodeord [Klpmedlem](http://klpmedlem) til 2262.

KLP
for dagane som kjem

Sunnmørsposten er ei av få aviser som blir redigerte både på bokmål og nynorsk, og difor brukar eg begge målformene i jobb-samanheng.

Ordstyraren

Hanna Relling Berg (54) håpar fleire oppdagar rikdommen i det norske språket. Sjølv har ho språk som arbeidsverktøy.

JUDITH SØRHHUS LITLHAMAR
judith@norsk-plan.no

– Du har ei dotter som er forfatter. Er barndommen og oppveksten mykje av forklaringa til det?

– Me er i alle fall ein familie som er glade i å lese bøker, og me leste mykje for barna då dei var små, seier ansvarleg redaktør i Sunnmørsposten, Hanna Relling Berg.

– Me har snakka om språk, om identitet og nynorsk. No snakkar me om dottera, forfatteren Sunniva Relling Berg. Ho som debuterte med ungdomsromanen *Ufor* i 2011, og som hausta nominasjon til Brageprisen for same bok. I fjor fekk Sunniva dessutan Stifelsen Kjell Holms kulturpris heime i Ålesund. I vår kjem oppfølgaren *Beina i gitaren*.

Mor Hanna er stolt og gler seg over Sunniva sin forfatterskap.

Då eg var liten drøymde eg om eit yrke der eg kunne skrive. Me var ein liten vennegjeng som hadde diktbok-klubb. Me skreiv lange, dramatiske historier i kladdebøkene som me lånte ut til kvarandre.

Og eit liv med skriving skulle det bli, berre i ei litt anna gate. Hanna er frå Sykkylven, og etter samfunnsfag på vidaregåande skule i Stranda vart det teikning, form og farge ved husflidskulen i Molde. Så kom norsk grunnfag ved Høgskulen i Volda, eit år som lærar ved ein folkehøgskule i Vesterålen og eit år med musikk, dans og drama ved School of Creative Ministry utanfor Toronto i Canada.

– Min første jobb som journalist var som sommarvikar i Vestfold Arbeiderblad i Tønsberg, seinare vart det jobbing i Karmøy-bladet og i Vesterålaens Avis før eg kom til Sunnmørsposten i 1985.

SJØLVMELDING

Namn: Hanna Relling Berg

Sivilstatus: Har vore gift med Frode i 32 år, og me har to barn; gut på 21 og jente på 25

Alder: 54

Les: Akkurat no les eg Per Petterson si nyaste bok

Høyrrer på: Alle typar musikk – alt etter humøret

Blir inspirert av: Menneska eg har rundt meg

Der har ho vore nyhendejournalist både på lokalkontor og i hovudredaksjonen, reportasjesjef, kulturredaktør, og i 2007 vart ho tilsett som ansvarleg redaktør.

– *Kvifor journalist?*

– Utgangspunktet var skriveglede og eit ønske om å vere med på å setje dagsorden for viktige saker i samfunnet. Eg har tru på at god journalistikk er avgjerande for at me skal ha eit levande og godt demokrati.

Ho snakkar seg varm om å yte sitt til samfunnet, om å gjere verda litt betre, på kvar sin måte. Alle har eit behov for at det dei gjer, skal vere meningsfylt, meiner ho.

– Faren min var møbeldesignar og hadde eit sosialt engasjement i alt han gjorde. Han var oppteken av at vakre funksjonelle designmøblar skulle vere enkle og ta liten plass, slik at folk i tronge husvære kunne ha glede av dei, og dei skulle masseproduserast for å kunne bli rimelege.

Og medan faren ville gje folk rimelege møblar, var mora sjukepleiar og søndagsskulelærar.

Ho gjorde ein stor innsats på sine område, seier Hanna.

Ho har foreldra som førebilete, saman med den meksikanske journalisten Anabel Hernandez, ei ung og modig kvinne som lagar undersøkjande journalistikk vel vitande om at ho er i livsfare, noko som gav henne prisen «Golden Pen of Freedom» under ein konferanse Hanna deltok på. Dette er ei livshistorie ganske så langt frå redaktørstolen i Sunnmørsposten.

Men attende til foreldra, til barndommen og til sykkelturnane saman med faren gjennom Eventyrskogen til Storesteinen. Når faren pønska ut nye stolmodellar, tok han nemleg gjerne dottera med på sykkelturnar.

– Målet for sykkelturnane var Storesteinen, eit idyllisk område ved Aureelva i Sykkylven der det låg ein svær stein midt ute i elva. For å kome til Storesteinen måtte me gjennom ein liten skog. I denne vesle skogen var det soppvekstar på trea som trigga fantasien, og me kalla difor den vesle strekkinga for Eventyrskogen. Gode minner frå den gongen eg var fire-fem år.

I 2007 vart ho den første kvinnelege sjefsredaktøren i Sunnmørsposten. Gjennom åra har ho blitt glad i avisa og drøymmer om at regionalavisa skal ha ein like viktig posisjon som mediebedrift på Nordvestlandet i dei neste 100 åra som ho har hatt det siste hundreåret.

– Sjølv om format og kanal kan forandre seg, så er oppdraget vårt det same, å bidra til positiv utvikling ved å drive god og uavhengig journalistikk, informere på ein sakleg måte, avdekke kritikkverdige tilhøve, verne enkeltmennesket mot overgrep og legge til rette for gode debattar.




Foto: Adrian Øbrn Jobansen

Sjølv om Hanna og resten av redaksjonen ynskjer seg nye lesarar, er ikkje alltid kvardagen like enkel for avisene når opplagstala blir lagde fram.

– Papiroplaget vårt går også ned, men me registrerer at tilbakegangen er mindre for Sunnmørsposten enn for aviser på tilsvarande storleik. Me har like mange lesarar som før, sjølv om dei er fordelte på fleire kanalar.

Ho viser til prosjektet om datastøtta journalistikk, der ein skal utvikle nye digitale verktøy. Målet er å få betre samspel mellom papir, nett og mobil.

– Heile mediebransjen er inne i ein stor omstillingsprosess, og den digitale utviklinga er ikkje noko trugsmål, men ein stor sjanse til å lage endå betre journalistikk. Utfordringa er å finne fram til nye inntektsmodellar som kan finansiere journalistikken i

framtida, og difor blir det prøvd ut betalingsmodellar på nett i mange aviser. Det er noko me også vurderer, eg ser positivt på framtida.

Ho var nett ute i tidsskriftet Syn og Segn og slo eit slag for sidemålet.

– Dersom me fjernar opplæringa i sidemål, svekkjer me det språklege mangfaldet, og me blir kulturelt fattigare, meinte ho der.

– Folk må oppdage rikdommen i det norske språket, som er både nynorsk og bokmål. Språk er ein viktig del av folk sin identitet og kultur.

Hanna meiner den viktigaste utfordringa til nynorsk-kommunane framover blir å sørge for god opplæring i

nynorsk i skulen, slik at elevane blir trygge på språket sitt.

– Nynorsken er hjertespråket mitt. Det er nynorsk som ligg næraste dialekten min og er det språket eg brukar når eg skal uttrykke meg personleg. Sunnmørsposten er ei av få aviser som blir redigerte både på bokmål og nynorsk, og difor brukar eg begge målformene i jobbsamanheng.

– *Kva må til for å få meir nynorsk i rikspresse?*

– Det er opp til det enkelte medium å avgjere kva språk avisa skal skrivast på, og det er nok ikkje letta å få bokmålsaviser til å skrive nynorsk enn det er å få nynorskaviser til å skrive bokmål. Men det finst ein del dagsaviser som tek omsyn til at norsk språk er både bokmål og nynorsk, som Bergens Tidende, Stavanger Aftenblad og Sunnmørsposten.

Ny leiar i Noregs Mållag

Marit Aakre Tennø er innstilt innstilt som nye leiar i Noregs Mållag. Ho tek over etter Håvard Øvregård, som har vore leiar sidan 2009.

TOYNI TOBEKK
toyni@norsk-plan.no



Aakre Tennø ser fram til å ta til som leiar og seier Noregs Mållag trengst til å gå i front i det daglege arbeidet for å få fleirtalet til å ta rimeleg omsyn til det mindretallet som brukar nynorsk.

– Dette handlar om å gje det nynorske språksamfunnet rammer for å utvikle seg. Det er særskilt viktig at det offentlege då går føre og forsvarar og styrkjer to av dei aller viktigaste ordningane som sikrar nynorsksamfunnet: sidemålet og mållova, seier Marit Aakre Tennø.

– Dette er ordningar som er heilt avgjerande for å sikre dei nynorske lokalsamfunna den språkkompetansen dei treng, og

sikre nynorskbrukarane dei mest grunnleggjande språkkrettane. Dette er òg særskilt viktig for å ta vare på den nynorske skriftkulturen som ein del av den felles norske kulturarven.

JOBBAR MED NORSKFAGET

Marit Aakre Tennø er frå Sunnmøre, men bur no i Jostedal i Sogn. Ho er i dag norskfagleg konsulent i Noregs Mållag, ho er dessutan folkevald for Senterpartiet i Luster og har dei seinare åra jobba mykje med bygdeutvikling.

Det formelle valet av leiar skal skje under Noregs Mållag sitt landsmøte i Ørsta i april. Fleire folk er på val, og Sigbjørn Hjelmbrekke (33) frå Bø i Telemark er innstilt som nestleiar. Desse er innstilte til styret: Janne Nygård, attval (Oslo), Terje Kjøde, attval (Ørsta), Sveinung Rotevatn, ikkje på val (Oslo) og Helga Hjetland, ikkje på val (Kyrkjebø).

NY LEIAR: Marit Aakre Tennø er ikkje heilt ny for Noregs Mållag, ho jobbar i dag som norskfagleg ansvarleg for organisasjonen. (Foto: Noregs Mållag)

AMBASSADØR FOR SPRÅK

Landsmøtet får dessutan besøk av Vigdis Finnbogadóttir, tidlegare president på Island. Finnbogadóttir er Unesco-ambassadør med særleg ansvar for små språk, og ho kjem for å snakke om utfordringar for språkleg og kulturelt mangfald i verda.

Då ho gjesta Noreg og Språkdagen i fjor haust, la ho særleg vekt på at det er dei unge i dag som har ansvaret for å ta vare på språket. Det er venta at nesten halvparten av dei 5800 språka som finst i verda, vil døydde ut i løpet av dei neste hundre åra.

– Når språk forsvinn, forsvinn òg mykje kunnskap. Ein går samstundes mot eit verd som ikkje er så fintfølende, sa Vigdis Finnbogadóttir i eit intervju med Framtida.no.

STAVEKONTROLL SOM STØTTER DIN KLARSPRÅKSPROFIL

TANSA kvalitetssikrer all din tekst – også på web! Våre korrektursystemer støtter klarspråksarbeid i det offentlige og kan brukes i de fleste verktøy.

Systemet fjerner mer enn 90 % av alle feil i løpet av sekunder. Spar tid og skriv et bedre og enklere språk! Vi leverer løsninger for bokmål, nynorsk og engelsk.

Tansa er et norskutviklet system som brukes av kunder over hele verden.

Les mer på blogg.tansasystems.com



SITATET:

– Nynorsken held lengst igjen. Hadde vi ikkje hatt nynorsk, hadde vi truleg mista heile kulturen vår.

Forfattar Dag Solstad til Aftenposten

Dag og Tid går mest fram



VINNAR: Dag og Tid er ein av opplagsvinnarane i 2012. (Illustrasjonsfoto)

Dag og Tid er ein av opplagsvinnarane. Lokaltavisene går samla noko attende.

JUDITH SØRHHUS LITLHAMAR
judith@norsk-plan.no

Den nynorske vekeavisa for kultur og politikk auka opplaget med 4,6 prosent og har no eit opplag på 9132 eksemplar kvar veke. Noko som er rekord. – Dette er gledeleg. Me tek det som eit signal på at lesarane set pris på gode tekstar, grundig journalistikk og mange

ulike originale stemmer, seier redaktør Svein Gjerdåker i ei pressemelding.

IMPONERANDE STABILT

Sjølv om mange lokalaviser framleis står sterkt som papiraviser gjekk opplaget samla ned med 1,1 prosent.

– I ei tid der papiroplaget til avisene går nedover i store delar av verda, er det imponerende at norske lokalaviser held opplaget sitt så stabilt som dei gjer. At lokalavisene på papir enno står seg særskilt godt, skuldast at avisene våre er truverdige og at dei skriv om saker som folk synest er relevante i kvardagen. Å koma ut på papir få dagar i veka er kanskje akkurat passe i ei tid der medietilbodet

aukar på digitale plattformer, seier generalsekretær Rune Hetland i LLA.

NISJEAVISENE VEKS

Blant dei andre avisene i LLA er det Våganavisa som er opplagsvinnar. Lokaltavisa i Svolvær i Lofoten auka opplaget mest det siste året, med ein auke i opplaget på 184 eksemplar. SolungAvisa, Steinkjer-Avisa og Vestby Avis er andre opplagsvinnarar i LLA. Landslaget for lokalaviser har 110 medlemmer over heile landet. Av dei største avisene er tredelen av riksavisene som VG og Dagbladet går attende, medan nisjeavisene som Morgenbladet og Klassekampen går fram.



SPRÅKRÅD

Preposisjonar

Vi bruker preposisjonar i nesten kvar setning vi når vi snakkar eller skriv, og ikkje sjeldan kan meir enn ein preposisjon vere mogleg. Samstundes er vi bundne i valet, mellom anna fordi preposisjonane er med og avgjer kor klart og presist vi uttrykkjer oss, kva for nyansar vi tek vare på, og korleis stiltongen blir. Ofte er dessutan preposisjonen ein del av ei meir eller mindre fast vending (som med i "sjå gjennom fingrane med noko"). Dette er språkleg tradisjon og ein arv vi kan halde i hevd og føre vidare. Her bør vi ikkje minst sjå opp for samanblanding av faste vendingar (eit døme kan vere "rette søkjelyset på" – av "rette søkjelyset mot" og "setje søkjelyset på"). Vi bør også passe på at uttrykksmåten ikkje blir så knapp at preposisjonsuttrykket knyter seg til feil ord (som med "av våpen" i formuleringa "eksportforbod av våpen" – skriv heller "forbod mot eksport av våpen").

DET FINST ELLES motepreposisjonar, som ein gjerne kan unngå i skrift dersom ein ikkje ønskjer å stå fram som slave av språkmoten. Eit døme kan vere på, som blir mykje brukt i meir sjargongprega tale ("vere på gang", "ha rett på pengar", "køyre på alkoholfritt" o.b.).

FRAMFOR DEI fleste norske stadnamn nyttar vi i, men framfor ein del namn er på den rette preposisjonen frå gammalt. I dag er i på frammarssj og kjem inn også ved mange namn i den siste gruppa, særleg by- og tettstadnamn. Vi rår likevel til at ein skriv på der tradisjonen er slik. Les elles i innleiinga til "Preposisjonsbruk ved stadnamn" om preposisjonsbruk framfor stadnamn som også er kommunenamn.

MELLOMROM

Det skal ikkje vere mellomrom framfor punktum, komma, utropsteikn, spørjeteikn, kolon og semikolon. Merk at det skal vere berre eitt mellomrom etter eit punktum som avsluttar ei setning.

Det var ein gang tre prinsesser som budde i eit slott. Ein dag fekk dei besøk av ein prins. God dag! sa han. Du er vel trøyt, så du vil kvile? sa den eine prinsessa. Han sa: Det er vel så, det.

Når ein bryt av ei framstilling med tre punktum, skal det vere eit mellomrom før dei tre punktuma dersom eit ord er utelate.

Viss du ikkje er snill, så ... Er det meininga å gjere det slik, eller ...?

startsida /
www.startsida.no

Klikk deg til meir nynorsk!
Kvart klikk gjev inntekter til meir nynorsk på nett!

Sjå kva du kan gjera for å få meir nynorsk på nett:
www.framtida.no/tags/framtida

97

kommunar deltek i det nasjonale dugnadslaget for kulturarven

Bli med på årets viktigaste møteplass for kulturarven i Oslo 13-14.juni 2013. Påmeldingsskjema på våre nettsider www.kulturarv.no



– Eg meiner det er viktig å setja kulturarven vår høgare opp på den politiske dagsorden. Dette er med å gje grunnlag for verdiskaping og god omdømmebygging. Eg oppmodar alle kommunar om å samarbeida med Norsk Kulturarv.

Ordførar i Hol kommune, Tony Arild Kjøll

Sjekk om din kommune er med på våre nettsider
Hol kommune er med i både LNK og Norsk Kulturarv.



Rosar Kvinnherad kommune

Kvinnherad kommune får målbløme av Kvinnherad mållag. Dei rosar blant anna kommunen for medlemskapen i LNK.

JUDITH SØRHHUS LITLHAMAR
judith@norsk-plan.no

Kvinnherad mållag rosar kommunen for at dei har teke eit tydeleg standpunkt til nynorsk som tenestemål, skriv Kvinnheringen.no – Siste vedtaket vart gjort i 1932. Seinare har det ikkje vore naudsynt å ta opp dette spørsmålet. Dette fortel at Kvinnherad har vore og er ein trufast nynorsk-kommune, heiter det i pressemeldinga.

Mållaget legg vekt på at kommunen er med i LNK, og at dei saman med LNK har skipa til kurset På saklista for dei tilsette. Dei meiner det også er viktig at det føreligg politisk vedtak om at opplæringsmålet for vaksne innvandrarar er nynorsk. I overgangen til privat barnehagedrift med sterke aktørar frå sentrale



NØGD: Kvinnherad mållag meiner ordførar Synnøve Solbakken (Ap) og resten av kommunen gjer eit godt nynorskarbeid. (Morten Ellingsen)

strok er også dei nye eigarane blitt orienterte om at opplæringsmålet i Kvinnherad er nynorsk, og at det er noko dei må rette seg etter. – Så langt vi kan sjå, er kommunen medviten om vedtaket frå 1932, og tilsette gjer sitt beste for god målbruk i saksutgreiing og i alt skriftleg informasjonstilfang

internt og eksternt. Dette gjeld òg målbruk i brosjyrar, på kommunen si heimeside og i all marknadsføring og omdømmebygging, meiner mållaget.

Bli med i Fagforbundet!



Fagforbundet er det LOs største forbund, på veg mot 340 000 medlemmer. Arbeidstakarar i kommunale, fylkeskommunale og private verksemder kan bli medlem i Fagforbundet. I tillegg organiserar vi tilsette i sjukehusa. Di fleire vi er, di større gjennomslag vil vi har for rettferdig løn og god behandling på arbeidsplassen.

Fagforbundet jobber i mot konkurranseutsetting og privatisering av offentlege tenester. Vi ynskjer ein sterk offentlig sektor som kan gi innbyggjarane ein trygg kvardag og lik rett til velferdstenestene.

Velkommen som medlem.
Send Fagforbundet medlem til 1980



 FAGFORBUNDET



Trude Brosvik
Gruppeløiar for Krf på fylkestinget i Sogn og Fjordane. Ho er også kyrkjevevjer i Gulen kommune.

Foto: Lillian og Lena

PÅ KOMMUNEVIS

Spanande i kyrkja

Det skjer mykje i Den norske kyrkja for tida. Ho er ikkje statskyrkje lenger, men folkekyrkje. Dei politiske bindingane er likevel ikkje heilt borte, noko mange er glade for. Mellom anna er det svært viktig at det vert slått fast at kyrkja skal vere til stades i heile landet.

Finansiering av folkekyrkja er som før. Staten løner prestane og gjev litt tilskot (trappar opp ... sakte ...) til trusopplæringsreforma. Denne reforma skal sikre at lokale kyrkjelydar kan gje alle born som vert døypte, tilbod om opplæring i trua og det dei er døypte til. Alle frå 0–18 år har rett til 315 timar undervisning.

I det høvet passar det godt her å vifte med nynorskvimpele! Det er mykje mindre bøker og undervisningsmaterieill å velje mellom for nynorskbrukarar. Dette må rettast opp. Også i kyrkja skal målføra vere likestilte. Vi kan ikkje – i nynorskfylket Sogn og Fjordane – dele ut barnebøker på bokmål!

Resten av finansiering til kyrkja kjem frå kommunen (definert i kyrkjelova § 14) og frå innsamla midlar/gåver. Når økonomien i kommunane strammar, så vert han som regel svært stram i kyrkja. Eg tenkjer det er viktig å sjå at det er felles innbyggjarar vi tener. Då sist rådmann vart avtakka i Gulen, var det midlar til kyrkjegard og flaumlys på kyrkjene som vart nemnd. Det betydde mykje for folk, vart det sagt.

Hos stiftingar og offentlege kan kyrkja til liks med andre søke om midlar til gode tiltak. Men det offentlege ser på kyrkja som offentlig og seier derfor ofte nei. Stiftingane har ofte eit regelverk som gjer at dei fleste skugar unna aktivitet som har som mål å formidle tru.

Kyrkja er viktig for folk. Som kyrkjevevjer møter eg det til dagen frå folk som skal gifte seg, eller dei er i sorg og må planlegge gravferd. Det vert no tilrådd at begge desse viktige hendingane skal verte utførte av andre enn trussamfunn. Eg trur folk flest ønskjer at kyrkja framleis skal gjere det. Og når det gjeld gravferd, så har kyrkja vist at ho opptrer verdig og ryddig også for dei som ikkje tilhører kyrkja.

Også i kyrkja skal målføra vere likestilte. Vi kan ikkje – i nynorskfylket Sogn og Fjordane – dele ut barnebøker på bokmål!

Ordfører er
Hans-Erik
Ringkjøb
(Ap).



Kommunestyret er samansett av representantar frå Arbeidarpartiet (12), Senterpartiet (8), SV (3), Venstre (5), Krf (2), Frp (4), Høgre (8) og Raudt (1).

Innlandskommunen med 14061 innbyggjarar ligg nord i Hordaland, på grensa mot Sogn og Fjordane. Kommunesenteret til Voss ligg i tettstaden Vossevangen.

Kommunen er frå gammalt av ein landbrukskommune og er i dag den største landbrukskommunen i Hordaland.

Voss kommune er også den største kommunen i Hordaland i areal. Storparten av arealet er fjell, og Voss er kjend for sine store utfartsområde for vintersport. Reiselivskommunen er vertskap for mange tilskipingar, dei største og mest kjende er Ekstremsportveko og Vossajazz.

Europaveg 16 og riksveg 13 går gjennom Voss, og Bergensbana har stoppestad på Vossevangen.



Illustrasjon: Gerhard Stoltz

Har teke tilbake vinteren



NY VINTER: Utbygginga av Voss Fjellandsby i Myrkdalen har gitt ringverknader for resten av reiselivet på Voss. (Illustrasjonsfoto: Toyni Tobekk)

Etter utbygginga av den nye fjellandsbyen Myrkdalen har Voss fått ein renessanse som vintersportsstad.

TOYNI TOBEKK
toyni@norsk-plan.no

Det har blitt satsa stort og brukt mykje pengar på utbygginga av Voss fjellandsby dei seinare åra.

– Satsinga i Myrkdalen har tent begge dei store aktørane, og no er vi tilbake i Noregstoppen som vintersportsstad, seier ordfører Hans-Erik Ringkjøb (Ap). Med til saman 200 000 besøkande i året har både Myrkdalen og Bavallen fått ny giv. Dei er begge to heilårsdestinasjonar og nyt godt av dette sommar som vinter, understrekar han.

SAMARBEID

Når reiselivssatsinga får eit løft, så gjev det ei lang rekkje av ringverknader.

– Det går på handel, arbeidsplassar, vi har fleire gjestesenger tilgjengelege, og vi er komne på kartet att. Denne satsinga på sportsstadane er blitt pilaren i bygda, og det går også godt i lag med at vi er ein festivalkommune, seier ordføreren.

– Korleis kan kommunen spele vidare på eit reiseliv som går godt?

– Kommunen må nyttiggjera seg av reiselivet på den måten at dei skapar arbeidsplassar og aktivitet i kommunen. Samtidig har reiselivet tatt steg i retning av større samarbeid i vår region. Det vil seie at i staden for å konkurrera i og mellom kommunar, så må ein samarbeide for å kunne konkurrera på den nasjonale og internasjonale marknaden. Det er der potensialet ligg, og i saman er Voss, Hardanger og Sogn eit heilt unikt



PÅ FRAM: Ordfører Hans Erik Ringkjøb ser eit stort potensiale i Voss som reiselivskommune, både isolert og som ein del av ein større samanheng. (Foto: Fotograf Senderud)

TRENG AREAL

Voss kommune har hatt ein svak folketalsvekst dei siste åra, og for kommunen er det bustadbygging som blir ein av dei største utfordringane no framover.

– For ein kommune med ambisjonar om å vekke og halde fram med å vere ein sentral regional aktør er det krevjande at det er så stor mangel på nye byggeprosjekt og ledige tomter, meiner

Ringkjøb. Ofte er det slik at behovet for bustadbygging følgjer svingingane i folketallet, men slik vil ikkje Ringkjøb at det skal vere.

– I første rekkje må det etablerast ei forståing for at det er eit problem.

Løysinga framover blir å etablere nye og større felt for bustadbygging, tenkjer han. Det betyr større press på arealbruken.

– Det er alltid diskusjonar kring slike saker, og det har vi også hatt, men det er brei politisk semje om at dette er det som må til.

Samferdsle er alltid ei aktuell sak på den politiske dagsorden i kommunane, og ordføreren vedgår at både veg og bane har sett sine betre dagar og treng ei opprusting. Samstundes ønskjer han å ikkje å lage det til ei større utfordring enn det det er.

TRENG ALLIANSR

– Vi må hugse på at vi har gode kommunikasjonsstilhøve i hovudruta aust-vest, og vi har tog. Det er ikkje alle som har det. Med Bergen berre ein time unna har folk her unike høve til å pendle til byen med toget.

Voss kommune er ein landbrukskommune, den største landbrukskommunen i Hordaland, med dyrehald som hovudnæring. Her er sau og mykje mjølk, og ein har greidd å oppretthalde volumet på mjølk sjølv om talet på bruk har gått ned, forklarar Ringkjøb.

– Det burde vore sterke alliansar mellom to så store næringar som landbruk og reiseliv, meiner ordføreren.

– Dei er avhengige av kvarandre. Har vi ikkje gardsdrift, så får vi attgroing, og det får konsekvensar for kulturlandskapet og for reiselivet.

40 år med jazz

Det skjer noko med folk når dei kjem til Vossevangen for å la seg rive med av jazz-ene, meiner arrangørane av Vossa Jazz.

TOYNI TOBEKK
toyni@norsk-plan.no

For det er ikkje berre musikken, men også rammene rundt som betyr mykje for dei 5000 som kjem reisande til Voss i palmehelga kvart år. Vossevangen er kommunesenteret i Voss, og den relativt vesle plassen opplever nesten ei fordobling av folketalet medan Vossa Jazz står på. Det merkast på ein liten plass, og dagleg leiar Trude Storheim i Vossa Jazz trur ikkje det er mange av innbyggjarane i kommunen som ikkje er involverte på eit eller anna vis.

– Festivalen set spor etter seg i heile bygda.

NYE UTTRYKK

Den lokale identiteten er viktig, også for eit arrangement med internasjonale dimensjonar, som ein jo må seie at Vossa Jazzen er, påpeiker Storheim.

– Den lokale identiteten kjem først og fremst til syne i den musikalske profilen vår. Folkemusikken har sterke røter på Voss. Dette har vi sjølv sagt teke med oss og har dratt folkemusikken med inn i jazz-ene, noko som heile vegen skapar nye musikalske uttrykk.

No i jubileumsåret er det mange nye produksjonar og fleire tingingsverk som står i høgsetet. Stian Carstensen er tingingsverkskomponist dette året, og han lovar både spagettivestern-gitar og



SUPER: Superjazz er ei av dei nyare satsingane i Vossa Jazz, eit tilbud til menneske med utviklingsbemjing. Her er Brazz Brothers i sving på Superjazz i fjor. (Foto: Ådne Dyrnesli / Vossa Jazz)



BARNESATSING: Badnajazz er eitt av fleire tiltak for barn og unge under festivalen. Her frå arrangementet førre året med Ragnar Hovland, Mari Kvien Brunvoll og Stein Urheim og dagdraumekollektivet deira. (Foto: Ådne Dyrnesli / Vossa Jazz)

VOSSA JAZZ

Årleg jazzfestival, starta i 1973

Den musikalske profilen femner om jazz, folkemusikk og verdsomusikk

Eigne satsingar: Badna-

jazz, ungdomssatsinga UNGJA JAZZ ja, Superjazz, Eldrejazz og Ekstremsjazz
Om lag 5000 gjester siste år
Kjelde: www.vossajazz.no

truga taktartar i verket, som skal ha urframføring 23. mars.

STORE NAMN

Brad Mehldau og Mark Guiliana, Warsaw Village Band, Gabriel Fliquet, Hot Club de Norvège og Sinikka Langeland Ensemble er nokre av ei andre artistane som kjem til Vossa Jazz i år. I tillegg blir det

fleire geriljastunt og musikalske opplevingar som publikum ikkje nødvendigvis veit om på førehand, lovar Storheim. Av meir verbale innslag kan festivalen freiste med Vossakveik med vossingen Linda Eide, coach Gry Sindig, festivalkomponisten Stian Carstensen og Stig Roar Wiggestrand som har doktorgrad i improvisasjon.

Festivalpublikummet kjem reisande frå fjern og nær, og dei siste åra har festivalen merka ein auke spesielt i lokalt publikum.

ER SYNLIGE

Festivalen har dessutan del ut sin eigen pris sidan 1988, ein pris som går til jazzmusikarar frå Vestlandet.

Festivalpublikummet kjem reisande frå fjern og nær, og dei siste åra har festivalen merka ein auke spesielt i lokalt publikum.

Vossa Jazz er ein organisasjon som lever heile året, ikkje berre i festivaltida. Med to tilsette i til saman 1,8 årsverk er det mogleg å halde oppe ein viss aktivitet året rundt.

– Vi tilbyr undervisningsopplegg for ungdom og medverkar på andre sin arrangement og viser slik igjen i lokalsamfunnet, fortel dagleg leiar Trude Storheim.

Jobbar for tunnel gjennom Vikafjellet

Næringsorganisasjonane i Voss, Balestrand, Høyanger, Leikanger og Sogndal står no saman og krev tunnel gjennom Vikafjellet.

TOYNI TOBEKK
toyni@norsk-plan.no

Organisasjonane har nyleg skrivne eit felles brev til samferdsleminister Marit Arnstad (Sp) og bede om eit møte for å leggje fram synspunkta sine på kva som må gjerast med riksveg 13 over Vikafjellet.

MYKJE ER KLART

Det er Høyanger Næringsutvikling AS, Balestrand



VIL HA TUNNEL: Vegen over Vikafjellet er til stor frustrasjon for reiselivs- og næringsorganisasjonane. No vil dei leggje fram synspunkta sine for samferdsleministeren. (Foto: Vik kommune)

Næringsforum, Opplev Leikanger, Sogndal Handel og Service, Sogn Næring, Vik Næringskommisjon, Voss Fjellandsby, Voss Sentrum og Destinasjon Voss som står som avsendarar på brevet.

Følgje avisa Hordaland meiner organisasjonane at rv. 13 over Vikafjellet er den mest stengde riksvegen, trass i at han er definert som heildøgnsopen. Dei peikar vidare på at dei overordna planane som vedkjem Vikafjellet, er klare, sidan Vik kommune og fylkeskommunane har fatta like vedtak om traséval, og at ein Vikafjell-tunnel er prioritert av dei regionale vegstyresmaktene.

MÅ HENGJE SAMAN

For reiselivskommunen Voss er vinterstend veg over Vikafjellet ei stor utfordring, seier Anne Grete Bakke, dagleg leiar i Destinasjon Voss.

– Koplinga mellom Voss og Vik er veldig viktig for oss, spesielt med

tanke på den utbygginga som Voss driv med i Myrkdalen. Vi treng å knyte saman fjell og fjord og sikre heilårsferdsel.


Føremålet med brevet og eit møte med samferdsleministeren er å få sett lys på kor viktig tunnelen er for å knyte regionane saman, særleg med tanke på ein felles bu- og arbeidsmarknad. Det endelege målet er å få tunnel gjennom Vikafjellet inn i den nasjonale transportplanen for 2014–23.

– Denne saka må vi løfte fram lokalt, og det aller viktigaste for oss no er å bli sette og høyrdt på bakgrunn kva behov vi har, seier Anne Grete Bakke.

startside /

Klikk deg til meir nynorsk!

www.startside.no



SYNLEG: Skjervsfossen og området rundt skal gjerast tilgjengeleg i større grad enn han dei er i dag. (Foto frå Wikimedia Commons)

Fram med fossen

Skjervsfossen i Skjervet er ei natur-oppleving som har vore tungt vanskeleg tilgjengeleg for farande folk. No skal den han løftast fram i lyset.

TOYNI TOBEKK
toyni@norsk-plan.no

15 millionar kroner er sett av tiltak i Skjervet, og desse skal nyttast til å betre parkeringstilhøva og gjere det meir framkommeleg langs fossen. Nasjonale turistvegar har no lagt fram ein plan for Skjervet, og den planen viser ulike måtar området kring fossen kan takast i bruk på.

SVEVANDE STIAR

Mellom anna er det tenkt ei eller fleire lengre naturvandringer som gir gjev utsyn til fossen på

ulike nivå og frå ulike vinklar. Vandringane vil skje på veg, i ter- reng, på svevande stiar og i tunnel. Det er vidare teikna inn 37 nye parkeringsplassar og fleire buss- soner fordelt rundt på i området. Dagens utkikspost skal rustast opp og koplast saman med ein ny, større utkikspost med gangbru og trapper.

BYRJAR NESTE ÅR

Det er Nasjonale turistvegar som jobbar med planen for fornying av

Skjervet, og målet no som planen er lagt lagd fram, er å få ferdigstilt forprosjekt og byggeplan, med tanke på åsluk at ein kanskje kan byrje arbeidet i marka i 2014, fortel Statens vegvesen.

Utbetringa av Skjervet er ein eitt av fleire tiltak i Vossapakko, eit samferdsleprosjekt som starta i 2009 med føremål å oppgradere riksveg 13 og gjere vegen og ulike knutepunkt tryggare. Vossapakken har ei totalkostnadsramme samla

kostnadsramme på 1,13 milliardar kroner.

skisser og bygd med byggingsstein som er samla inn frå gardane ikring.

Denne kyrkja kan no bli ein av fleire stoppestader på den nye kystpilegrimsleia som skal krysse fem fylke og fire bispedømme frå Rogaland til Sør-Trøndelag. Prosjektet Kystpilegrim Rogaland-Nidaros har som mål å kunne lansere den nye pilegrimsleia i 2014, og nett no blir det jobba med å kartleggje kva område som er aktuelle å involvere.

– Vi veit at mange pilegrimmar reiste langs kysten i middelalderen, og då var Nidaros og St. Olav sitt skriv målet, seier prosjektleiar for Kystpilegrimsleia Irene Baug.

LNK NYTT

Me presenterer også medlemskommunane våre på lnk.no. Vanylven: Blir ein del av kystpilegrimsleia

Sankt Jetmund i Vanylven kan bli ein av stoppestadane i den nye kystpilegrimsleia som skal gå frå Rogaland til Sør-Trøndelag.

På Åheim i Vanylven står middelalderkyrkja St. Jetmund. Steinkyrkja vart reist av den engelske kongen St. Edmund i 1155, men vart rivn i 1863, etter stridigheter om kor kyrkja eigentleg burde stå. På 1930-talet byrja arbeidet med å få reist kyrkja att, og kyrkja vart ifølgje vanylven.kommune.no reist etter gamle



Nynorsk i 140

No er twittertevlinga Nynorsk i 140! i gang.

JUDITH SØRHHUS LITTLEHAMAR
judith@norsk-plan.no

Twitter er for alle og kan romme alt. Det rare er at 140 teikn ofte er for mykje, til alt, seier Per Roger Sandvik, aktiv tvittrar og medlem i juryen for twittertevlinga Nynorsk i 140!. Tevlinga blir arrangert av Deichmanske bibliotek i Oslo i samband med språkåret og skal gå eit heilt år, med seks ulike tevlingar. Sandvik sit i juryen saman med forfattarane Kristine Tofte og Vidar Kvalshaug og to representantar frå biblioteket.

– Eg trur vi kjem til å få inn mange tusen bidrag, og at kampen blir kvass og med overraskande slagkraft. Som ei god twitternovelle. Når året er omme har twitterfolket saman skapt ei omfattande nynorsk novellesamling, og nye forfatterskap er kveikte. #nynov er sanntidslitteratur, seier Per Roger Sandvik, som sjølv tvittrar under aliaset @SvevePer.

Tevlinga er open for alle. Alt ein treng å gjere, er å opprette ein Twitter-konto, skrive ei twitter-melding som inneheld emneknaggen #nynov, og halde seg til det utvalde temaet.

Tema for første tevling er «vår», og bidraga må vere leverte innan 3. april. Meldingane kjem opp som ein twitterstraum på skjermar på Deichmans avdelingar på Grünerløkka, Bøler og Hovudbiblioteket. Deichmanske bibliotek oppfordrar òg andre bibliotek i Noreg til å henge seg på.

– Ei twitternovelle har det ei venging og noko bittersøtt, seier Vidar Kvalshaug.

Den gode twitternovella er kvasshogd, stutt, ho har sin eigen klang, ein språkleg spenst som gjer at ho stig og heng i ein lenge etter fyrste lesing. Ho overraskar og opnar herlege landskap, seier Sandvik.

Twitter er eit nettsamfunn og ei mikrobloggingstjeneste som blei starta i USA i 2006, og som i dag tel meir enn 500 millionar brukarar. Det er gratis å opprette ein konto og lett å komme i gang.

– Personleg vil eg setje høg pris på at @ FrodeGrytten knaggar ei av sine daglege noveller #nynov. Utover det trur eg at poet @Zrvund kan sine ord også i ei novelle. Men dette er ei tevling for alle. Difor utfordrar eg alle, også dei som til dagleg yrtrar seg på bokmål. Twi twi, seier Per Roger Sandvik.



Nynorsk i opplæringa

Kvalifiserer lærarar til å bli ressurspersonar i nynorskopplæringa!

Nettstudiet Nynorsk i opplæringa er primært vidareutdanning for lærarar, men er ope for andre interesserte. Studiet gjev kunnskap om og innsikt i god nynorskopplæring og dei didaktiske moglegheitene som ligg til fagfeltet. Studentane vil bli betre kvalifiserte til å undervise i nynorsk både som hovudmål og sidemål.

Studiet er eit reint nettstudium utan samlingar. Det er sett saman av to emne på 15 studiepoeng kvar, eitt i haustsemesteret og eitt i vårsemesteret.

Opptakskrav: 30 stp. norsk, fullført norsk 1 eller lærarutdanning

Kontakt: fagansvarleg Anne Steinsvik Nordal | Tlf.: 70 07 51 97 | anneno@hivolda.no

Søknadsfrist: løpande opptak

Studiepoeng: 30/2 semester (deltid)

Søknadskode: 4070 i lokalt opptak

Les meir på: www.hivolda.no/nio



HØGSKULEN I VOLDA



Terje Lyngstad
Teatersjef Sogn og Fjordane Teater

TEATER

TA MEG PÅ ORDET

Det blir sagt at om du er veldig oppteken av korrekt språk, så har du for lite å gjere på, du bidreg rett og slett ikkje til verdiskapinga. All den tida du bruker på å korrigere folk som vil spørje eit spørsmål om kvifor vi har så dyre prisar her i landet, kunne du ha brukt på å pumpe opp olje eller gjort noko anna fornuftig. Det er vel ingen i dag som bryr seg om at det heiter høge prisar og å stille eit spørsmål. Vi forstår kva som blir sagt. Vi døyr ikkje av ein liten språkfeil.

På den andre sida er det språkår i år – det er 200 år sidan Ivar Aasen vart fødd – og då får eg lyst til å seie eitt og anna om korleis vi bruker språket i dag, mest fordi eg berre går her og irriterer meg og ikkje har så mykje anna å finne på.

DU KAN TIL DØMES ikkje ta folk på ordet lenger. Det kan ligge ei anna mening bak. Du skal med andre ord ikkje ta alt du ser for god fisk, men heller med ei klype salt. Trafikkskilt kan du ikkje ta bokstavleg, eller rettare sagt bileteleg. Då er du raskt ei fare for både deg sjølv og andre. Skiltet som forbyr forbikjøring, viser ein raud og ein svart bil, men det betyr ikkje at grønne bilar kan køyre forbi. Skiltet for gangfelt viser ein mann med hatt på veg over gata, og likevel kan kvinner, born og menn utan hatt gå. Skiltet for jarnbaneplanovergang utan grind viser eit lokomotiv der det kjem røyk ut av pipa. Det tyder ikkje at skiltet berre gjeld i westernfilm.

Vi må altså tolke. Ein opplesar på radio sa nyleg at organiserte kriminelle slepp unna på grunn av pengemangel, men han sa ingenting om kven som mangla pengar. Sidan det var snakk om kriminelle, var det sikkert dei som mangla.

Vi slit, vi som bruker dialekt og lite brukte ord og, ord som røyndom og lagnad. Skal vi bli forstått i dag, må vi heller bli fancy, trendy og up to date, vere okay og hip hop og rope yo og hallo når vi helsar.

FORVIRRINGA ER STOR når vi snakkar, men større når vi les, særleg når det kjem til orddeling. Det er naturlegvis ikkje naturleg vis å dele naturlegvis i to. Det er ikkje sjølv sagt å skrive sjølv sagt som sjølv sagt, sjølv om du sjølv ville sagt det sånn. Dyre klinikkar er ikkje dyreklinikkar, sjølv om begge deler kan vere dyre å drive, og fiske bollar er berre normalt å skrive om det er bollar du er ute etter når du er ute og fiskar. Eit ekstraordinært årsmøte er alt anna enn ekstraordinært, med mindre det er snakk om eit ekstraordinært ekstraordinært møte.

Utfordringa er likevel størst når språket skal skildre smak og lukter. I ei tilfeldig valt avis kan du lese at raudvinen Trionfo mellom mykje anna er rein, avdempa og intens, og overraskande lang og konsentrert. Kvivinen Trimbach Gewurztraminer er både energisk og tørr. Han har til og med den eigenskapen at han ropar på røykelaks. Ein annan kvitvin, La Clotte, har fin balanse. Det har søtvinen Weissburgunder Beerenauslese òg, i tillegg til at han er konsentrert. Det er sikkert difor han er suveren til sommarkos. I ei anna tilfeldig valt vekemagasin finst det omtalar av runde vinar og fylldige vinar, vinar som er tunge, alvorfulle og maskuline, og vinar som er muntre, slanke og feminine. Det finst pene og frækenliknande vinar, velbygde og solide vinar, fyrige, friske og freidige vinar, vinar som er robuste og uthaldande, og vinar med musklar og raffinement.


EG SKAL IKKJE GJERE noko større nummer ut av desse språkfenomena, så lite har eg ikkje å gjere på. Det er eigentleg forferdeleg godt at det er eit kjempelite problem vi snakkar om, sånn passe stort, cirka bitte stort, omtrent, på ein måte.

Det er vel ingen i dag som bryr seg om at det heiter høge prisar og å stille eit spørsmål.

Gunnar Skirbekk er Årets nynorskbrukar

Filosofen og samfunnsdebattanten Gunnar Skirbekk (75) er kåra til Årets nynorskbrukar 2013.

TOYNI TOBEKK
toyni@norsk-plan.no



VINNAR: Gunnar Skirbekk er kåra til Årets nynorskbrukar. (Foto: Nynorsk Kultursentrum.)

Skirbekk får prisen for arbeidet med å fornye tenkinga om ein gyldig og framtidretta opplæringspolitikk for nynorsk, og for slitesterk evne til å halde oppe nynorsk som eit smidig språk for tenking, heiter det i grunn- gjevinga frå styret i Nynorsk kultursentrum.

– Gunnar Skirbekk har stilt dei gode spørsmåla og argumentert tungt for kva slags skule Noreg treng, og for kva slags norskfag skulen treng. Å gje han prisen er ein språkpolitisk kritikk av den nye læreplanen i norsk, seier direktør Ottar Grepstad i Nynorsk kultursentrum.

EIT VIKTIG SPRÅK

Sjølvsagt viser prisvinnaren til sin gode kollega Jon Hellesnes, som

har sagt det slik: På nynorsk er det vanskeleg å skrive setninga som ein sjølv ikkje forstår.

– Det har vore ei rettesnor også for meg, seier Skirbekk.

Skirbekk meiner nynorsk er viktig for alle som bur her i landet, for å skjone kva landet går ut på både, språkleg og kulturelt.

– Nynorsk er viktig for alle som bur i Noreg, for å skjone kva landet går ut på, språkleg og kulturelt, og for å skjone kvar ein er, i rom og tid. For hundre år sidan meinte mektige professorar i Christiania at det nye norske språket aldri kunne nyttast til vitskap og filosofisk tenking. I dag veit vi betre. Det er ein ekstra grunn til å feire Ivar Aasen og Språkåret no i 2013, seier ein glad prisvinnar.

UTGJEVEN PÅ 16 SPRÅK

Gunnar Skirbekk er fødd 11. april 1937 på Hamar. Under førsteavdeling i medisin ved Universitetet i Oslo gav han ut Nihilisme? Et ungt menneskes forsøk på å orientere seg (1958). Deretter studerte han filosofi i Paris og Tübingen, med magistergrad

ved Universitetet i Oslo i 1962. Same året blei han hjelpelærer ved Filosofisk institutt ved Universitetet i Bergen, vart fast tilsett to år seinare og var der, frå 1979 som professor, til han gjekk av i 2005. Skirbekk stod sentralt i opprettinga av Senter for vitskapsteori i Bergen og har saman med Nils Gilje skrivne ei lærebok i filosofihistorie som no er utgjeven på 16 språk. Han har også gjeve ut fleire essaysamlingar, og i 2010 kom boka Norsk og moderne. Det er 14. gongen Nynorsk kultursentrum kårar Årets nynorskbrukar. Prisen blir tildelt personar eller institusjonar som har synt evne til å bryte med språklege og kulturelle konvensjonar om bruk av nynorsk, som gjennom sitt føredøme eller praktiske arbeid gjer det lettare å vere nynorskbrukar, eller som skapar større allmenn forståing for nynorsk. Prisen på 100 000 kroner skal delast ut under opninga av Dei nynorske festspela 27. juni.

Kritikarprisen til Kari Stai

Kari Stai har fått Kritikarprisen 2012 i klassen beste barne- og ungdomsbok for Jakob og Neikob. Tjuven slår tilbake.

JUDITH SØRHHUS LITTLEHAMAR
judith@norsk-plan.no

Stai fekk også Brageprisen for boka som meldarane kallar ein kommande klassikar. Boka er dessutan seld til Tyskland. Den første boka om Jakob og Neikob er ute i Tyskland, Frankrike og Danmark. Jakob og Neikob har i tillegg vore på NRK Barne-TV og finst som bokapp.

JAKOB OG NEIKOB

I boka møter me Jakob, som seier JA til alt, og Neikob, som alltid



seier NEI. Men tjuven som har rømt frå fengselet, bryr seg verken om JA eller NEI. Når Jakob og Neikob tar opp jakta på tjuven, blir dei lurte begge to, og Jakob må sitje i fengsel for første gong. Heldigvis går det bra til slutt denne gongen også, og Jakob lærer at ein av og til må seie NEI.

ULIKE VENNER

Kari Stai kombinerer ei enkel, stramt komponert forteljing med stiliserte og fargerike illustrasjonar. Resultatet er ei visuelt spennande biletbok som på humoristisk og absurd vis tek opp tema som vennskap, grensesetjing og verdien av å vere ulike, heiter det i ei pressemelding frå Samlaget.

Kari Stai kjem frå Inderøy i Nord-Trøndelag. Ho er illustratør, forfattar og biletkunstnar. Stai debuterte med barneboka Jakob og Neikob i 2008. For den mottok ho mellom anna Kulturdepartementet sin debutantpris og Inderøy mållag sin målpris. Ho står også bak peikebokserien Mopp og Mikko.

Foto: Benedikte Skarvik

Sunnhordland
MEDIETILBYR

sunnhordland.no/jobb



Ledige stillingar i ditt nærområde



- Søk i ledige stillingar på sunnhordland.no
- Enkelt og oversiktleg
- Ny kommunevis søkefunksjon
- Klikk deg inn på **Ledig stilling** i toppmenyen



Meir om grøn rente på
www.kommunalbanken.no

KBN Kommunalbanken
Norge

www.kommunalbanken.no



aktuelt: Kristin Fridtun



(Foto:Privat)

Namn: Kristin Fridtun
Alder: 25
Yrke: forfatter, skribent og språkspaltist i Dag og Tid
Aktuell med: bøkene Norsk etymologisk oppkok og Nynorsk for dummies (som kjem ut i vår), begge på Samlaget

Hugteken

Kristin Fridtun er utruleg glad i nynorsken.

TOYNI TOBEKK
 toyni@norsk-plan.no

– Du kjem frå Elverum i Hedmark, eit område der nynorsken ikkje står så sterkt. Korleis hadde det seg at du byrja å bruke nynorsk?

– Hausten 2006 var eg fersk student i nordisk ved NTNU. Nordistar skal helst meistra både nynorsk og bokmål, men eg kjende meg ikkje heilt stø i nynorsk, så då eg fekk greie på at Studentmållaget i Nidaros skipa til eit gratis nynorsk kurs, heiv eg meg med. Det var som å sjå ljuset! For fyrste gong fekk eg ei skikkeleg forklaring på kvifor og korleis Ivar Aasen reiste landsmålet, eg fekk sjå samanhengen mellom nynorsk og alle talemåla attåt ei grundig innføring i nynorsk grammatikk, ordtilfang og ordleggingsmåte. Eg vart ihuga nynorskbrukar på flygande flekken.

– Snart kjem du ut med ny bok: Nynorsk for dummies. Kven er denne boka for, og kva vil dei lære av ho?

– Hovudmålgruppa er skuleelevar med bokmål som hovudmål og lærarar/lærarstudentar som kvir seg for å undervisa i nynorsk fordi dei synest at dei ikkje kan det godt nok. Men alle kan ha glede og nytte av boka, tenkjer eg. Lesaren får fyrst ei lettfatteleg og frisk innføring i nynorskhistoria og nynorsk-kulturen, mellom anna avsan-

nar eg ein del seigilva mytar om Aasen og nynorskbrukarar. Dinest får lesaren ei omsorgsfull rettleiing i nynorsk grammatikk og målføring. Boka er skriven i medkjensle med dei som slit med å læra nynorsk, eller som ikkje har fått forklart kvifor dei skal læra det.

– Har du nye prosjekt på gang etter denne boka?

– Førebels har eg ingen nye bokprosjekt i emning. Til hausten skal eg på skuleturné med eit føredrag om Ivar Aasen, elles reknar eg med at det vert ymse formidlingsoppdrag rundt om i landet i samband med dummi-es-boka og Norsk etymologisk oppkok. Slikt synest eg er moro.

– Den førre boka di handla om kvardagsorda våre. Kvifor jobbar du nett med språk, trur du?

– Det må vera ei slags medfødd interesse; norsk har vore yndlingsfaget mitt heilt sidan barneskulen. Og interessa berre veks og veks: Di meir eg lærer om språk, di meir fengslende vert det.

– Viss du skulle få løfte fram nokre ord og uttrykk som blir altfor lite brukte i dag, kva for nokre ville du ha valt?

– Eg er veldig oppteken av snill, eit gamalt ord som opphavleg tyder 'dugande' og 'klok'. Det harmar meg når folk seier «du er altfor snill», «han er dumsnill» og liknande, for det er aldri dumt å vera snill. Det er jo dei som utnyttar snille folk, som er

Marit Heier Lajord (1990) frå Vang i Valdres har teke forfattarutdanning i Bø og studerer no jus. Ho jobbar i tillegg som journalist i Framtida.no. I år debuterer ho som forfatter med barneboka Olava og bestefar.

Foto: Guro Kjørstad



debutanten

Bakom smia, under bjørka, er det ein stor, flat stein. Steinen er Olava og bestefar sin favorittstad.

– Kvifor brukar du ikkje shorts, bestefar? spør Olava. Bestefar har berre bretta opp dei rutete skjortearmane, og har på seg mørk bukse og gummistøvlar. Sjølv om det er juli, graset er nyslått og veggene luktar sol. Olava har raud kjole med kvit krage.

– Eg brukar ikkje shorts, eg, men ser du ikkje kor fint det er med skuggelue?

Samlaget 2013

dumme. Altså bør me bruka snill som eit eintydig positivt ord, i tråd med grunntydninga 'klok'.

– Kva er det vakraste ordet du veit om?

– Det er eit ord med enkel form og mangslunge innhald: *bug*. Sjå berre på desse samansetjingane: *bugsyn* (fantasi), *bugteken* (fengsla, forelska), *bugskot* (idé). For ikkje å gløyma *bugsa* og *hyggjeleg*, som òg kjem av hug.

startside /

Klikk deg
til meir
nynorsk!

www.startside.no



BEST WESTERN
BONDEHEIMEN
 Sidan 1913



- Eit naturleg val for overnatting og møte i hovudstaden
- Med LNK kortet får du alltid beste pris hos oss

Rosenkrantz' gate 8
 N- 0159 Oslo
 + 47 23 21 41 00
 bookingoffice@bondeheimen.com
 www.bondeheimen.no